

Forvaltningsrevisjon | Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og  
tilbodet til lærlingar



# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Innleiing .....</b>	<b>7</b>
1.1 Bakgrunn .....	7
1.2 Føremål og problemstillingar .....	7
<b>2. Metode .....</b>	<b>9</b>
2.1 Dokumentanalyse .....	9
2.2 Intervju og fokusgrupper .....	9
2.3 Statistisk analyse .....	9
2.4 Verifikasiing og høyring .....	9
<b>3. Revisjonskriterium .....</b>	<b>11</b>
3.1 Fagopplæring og vidaregåande opplæring i bedrift .....	11
3.1.1 Godkjenning av lærebedrifter .....	11
3.1.2 Krav til innhaldet i opplæringa, føresegner og fagleg kvalifiserte personar .....	11
3.1.3 Lærebedrifta sine rettar og plikter .....	12
3.1.4 Krav til rapportering frå lærebedrifta til fylkeskommunen .....	12
3.1.5 Oppgåvane til fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda (fagopplæringsnemnda) .....	12
3.2 Fylkeskommunale mål og strategiar .....	13
<b>4. Data .....</b>	<b>15</b>
4.1 Organisering, roller og nøkkeltal .....	15
4.2 Rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram .....	16
4.2.1 Samarbeid mellom fylkeskommunen og ungdomsskulane .....	16
4.2.2 Rådgjeving i vidaregåande skule og oppfølging av elevar som skal søkje lærepass .....	19
4.2.3 Andre rekrutteringstiltak .....	21
4.3 Rettleiing av elevar som er vanskelege å formidle lærepass til .....	22
4.4 Elevar som har hatt vedtak om spesialundervisning .....	23
4.5 Lærekandidatordninga .....	24
4.5.1 Rettleiing om lærekandidatordninga .....	24
4.5.2 Tilbod til og oppfølging av lærekandidatar .....	25
4.6 Rutinar for godkjenning av lærepassar .....	25
4.7 Rutinar for godkjenning av lærekontraktar .....	26
4.8 Oppfølging av lærlingar .....	27
4.8.1 Oppfølging i frittståande bedrifter .....	27
4.8.2 Oppfølging av lærlingar knytt til opplæringskontor .....	29
4.8.3 Instruktøreropplæring .....	29
4.9 Fråfall og bortval innanfor yrkesfag .....	30
4.9.1 Sluttårsaker .....	31
4.9.2 Oppfølging av elevar eller lærlingar som har slutta .....	32
4.10 Arbeidssituasjonen for lærlingar etter avslutta læretid .....	33
4.11 Dimensjonering av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma .....	33
4.11.1 Tilbod og etterspurnad om lærepassar .....	34
4.11.2 Elevar som ikkje får lærekontrakt .....	36
4.11.3 Tiltak for å auke tale på lærepassar .....	36
4.11.4 Bedriftene og samfunnsansvar .....	37
4.11.5 Lærepassar i fylkeskommunen .....	37

<b>5. Vurderingar .....</b>	<b>38</b>
5.1 Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram .....	38
5.2 Oppfølging av elevar som det er vanskeleg å formidle .....	39
5.3 Tilbod til lærekandidatar .....	39
5.4 Samsvar mellom utdanningsprogramma innan yrkesfagleg utdanning, ønskja til elevane, behova i næringslivet og politikarane sine forventningar .....	40
5.5 Rutinar for oppretting og godkjenning av lærepllassar .....	40
5.6 System og rutinar for oppfølging av lærlingar .....	41
5.7 Fråfall og bortval ved yrkesfaglege studieprogram .....	42
5.8 Arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutta læretid .....	43
<b>6. Tilrådingar .....</b>	<b>44</b>
<b>Vedlegg 1: Høyringsuttale .....</b>	<b>45</b>
<b>Vedlegg 2: Revisjonen sine merknader til høyringsuttalen .....</b>	<b>50</b>
<b>Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokument og litteratur .....</b>	<b>56</b>

## **Tabellar**

Tabell 1: Prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram eller studieretningar.....	16
Tabell 2: Prosentdel søkerar til lærepllass som har blitt lærling per 1.10.....	22
Tabell 3: Prosentdel elevar som tok VG2 yrkesfaglege utdanningsprogram i fjar, som valte VG3 studiekompetanse i år .....	34
Tabell 4: Lærefag med for få lærepllassar i høve til talet på søkerar i 2012 .....	34
Tabell 5: Lærefag med for få søkerar til lærepllassar i høve til behovet i næringslivet i 2012 .....	35
Tabell 6: Prosentdel søkerar som ikkje får plass .....	36

## **Figurar**

Figur 1: Organisasjonskart opplæringssektoren .....	15
Figur 2: Prosentdel elevar og lærlingar som har bestått vidaregåande opplæring i løpet av normert tid .....	30
Figur 3: Prosentdel bestårte fag- og svenneprøver (KOSTRA) .....	31
Figur 4: Årsak til heving av lærekontrakt 2012 i % .....	32
Figur 5: Sluttårsaker i yrkesfaglege studieprogram .....	32

# Samandrag

Deloitte har, i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet, gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I samband med overordna analyse knytt til plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016, kom det fram at fleire meinte at det er utfordrande å rekruttere ungdom til yrkesfag i samsvar med behov i arbeidsmarknaden, og at det i tillegg er vanskeleg å skaffe læreplassar. Føremålet med dette prosjektet har vore å undersøke desse utfordingane, og å vurdere fagopplæringstilbodet og korleis opplæringstilbodet i bedrifter fungerer.

Datagrunnlaget for undersøkinga har vore statistikk frå KOSTRA og VIGO databasen, intervju, og ei rekje dokument og rutinar knytt til fagopplæring. Revisjonen har gjennomført intervju med utvalte personar som arbeider med fagopplæring i fylkeskommunen, rådgjevarar ved vidaregåande skular, leiarar ved opplæringskontor og lærlingar. I tillegg har det blitt gjennomført fokusgruppeintervju med elevar og med fagopplæringsnemnda. Totalt har det blitt gjennomført 17 intervju.

## *Rekruttering*

Fylkeskommunen har først og fremst eit ansvar for å syte for utdanningstilbodet til unge med opplæringsrett. Det er arbeidslivet sjølv som har ansvaret for å rekruttere den arbeidskrafta dei har behov for.

Undersøkinga viser at enkelte tiltak er særleg viktige når det gjeld rettleiing og rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram i fylket. Dette gjeld for det første samarbeid mellom vidaregåande skular og ungdomskular om faget «Utdanningsval» i ungdomskulen, der elevar i 9. og 10. trinn kan hospitere i vidaregåande skule og prøve ut yrkesfag over eit par dagar. Elevane la elles vekt på at informasjon gitt av elevar frå vidaregåande skule er lærerikt. Revisjonen anbefaler derfor at fylkeskommunen vurderer å stimulere til auka bruk av elevar i rettleiings- og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomskuleelevene.

Elevane i undersøkinga legg vekt på faget «prosjekt til fordjuping» på vidaregåande skule som det viktigaste tiltaket som gjev dei informasjon om yrkeslivet, når dei skal gjere yrkesval og søkje læreplass. Det er derfor uheldig at skulane ikkje lukkast med å skaffe praksisplass til alle elevar innanfor alle fagområde, og revisjonen meiner at fylkeskommunen bør prioritere arbeidet med å skaffe praksisplass i Prosjekt til fordjuping til alle elevar på vidaregåande skule.

Undersøkinga viser også at elevar og lærlingar opplever at rådgjevingstilbodet ved dei vidaregåande skulane har varierande nytteverdi når dei skal søkje læreplass. Det går fram av undersøkinga at stillingsdel sett av til rådgjevingsarbeid varierer mellom skulane, og at det er viktig å synliggjøre at rådgjeving av elevar er heile skulen sitt ansvar. Elles varierer det mellom skulane korleis rettleiinga og informasjonsarbeidet blir gjort, og i kva grad faglærarar og rådgjevarar har ansvar og deltek i dei ulike rettleiingsoppgåvene.

Elevar på yrkesfaglege studieprogram opplyser sjølv å ha stort utbytte av at lærlingar som alt har fått lærekontrakt kjem og informerer om korleis det er å vere i lære innanfor ulike fag. Revisjonen vurderer at det derfor er viktig å prioritere slikt informasjonsarbeid i dei vidaregåande skulane.

Fylkeskommunen sine nettsider er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg strukturerte til at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon. Revisjonen meiner difor at nettsidene bør omarbeidast med tanke på betre struktur og kven som er målgruppa for ulike typar informasjon.

## *Oppfølging av elevar som det er vanskeleg å formidle*

Undersøkinga viser at Sogn og Fjordane ikkje har like gode tal som resten av landet og Vest-Noreg når det gjeld prosentdel sokjarar som har blitt lærling per 1. oktober. Det er samtidig positivt at det er sett i verk tiltak ved at fylkeskommunen mellom anna prøver å få oversikt over elevar det kan bli vanskeleg å formidle lærepllass til, tidlegare på året. Ein person arbeider mot bedrifter for å skaffe lærepllassar til elevar som strevar med å skaffe lærepllass, og bedriftene får tilskot for å ta imot elevane. Basert på det som kjem fram i undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har eit godt opplegg for å følgje opp elevar som strevar med å skaffe lærepllass.

## *Tilbod til lærekandidatar*

På bakgrunn av det som kjem fram i undersøkinga, synest fylkeskommunen å gje god oppfølging til elevar som er aktuelle for lærekandidatordninga. Det kjem likevel fram i undersøkinga at denne ordninga kunne vore nytta i større grad, og for eit breiare spekter av unge som ønskjer å ta fagutdanning utan å måtte ta ordinært fagbrev. Revisjonen vil derfor anbefale at fylkeskommunen arbeider vidare med å sikre god informasjon om lærekandidatordninga.

## *Dimensjonering*

Fylkeskommunen har etter revisjonen si vurdering gode system for å innhente informasjon for å fremje forslag til hovudutvalet om dimensjonering av utdanningsprogram for politisk avgjerd. Hovudutvalet får anbefalingar frå Fagopplæringsnemnda, som har henta inn opplysningar om behovet i næringslivet. Vidare er forslaga baserte på søkjartala til ulike utdanningsprogram og økonomiske rammer.

Innan bilfaget har det vore mangel på lærepllassar, og fylkeskommunen har oppretta eit tilbod om praksis på VG3 for at elevane skal kunne gå opp til fagprøve. 107 sokjarar fekk ikkje ønska lærepllass i 2012. Om lag 20-30 elevar som søker lærepllass blir årleg ståande utan eit tilbod om vidaregåande opplæring.

Det var særleg innan helsearbeidarfaget og salsfaget at det i 2012 var lærepllassar som ikkje hadde sokjarar. Innan helsearbeidarfaget er det mange elevar som ønskjer å ta påbygg for å få studiekompetanse.

## *Rutinar for oppretting og godkjenning av lærepllassar*

Undersøkinga viser at det er regionskontora som godkjenner lærebodrifter og lærekontraktar som blir inngått med kvar enkelt bedrift. Oppretting av nye lærepllassar skjer ofte ved at skulane og elevane sjølv finn fram til bedrifter som er aktuelle.

Revisjonen meiner fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide eller vidareutvikle enkelte rutinar knytt til oppretting og godkjenning av lærepllassar. Dette dreier seg om rutine som skildrar korleis fylkeskommunen skal sikre at lærebodrifter er fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda jamfør oppl. § 4-3, 1. ledd, samt rutinar knytt til kontroll av kvalifikasjonane til fagleg leiari i dei frittståande lærebodriftene. Vidare bør det etter revisjonen si vurdering utviklast rutinar for kva krav som må vere innfridd for at fylkeskommunen skal godkjenne ein lærekontrakt, og fylkeskommunen sin rutine for godkjenning av lærebodrifter bør reviderast slik at ansvarsfordelinga går tydeleg fram.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at fylkeskommunen har fokus på å arbeide for at godkjente lærebodrifter tar inn lærlingar ved at det er prioritert personell til dette arbeidet. Undersøkinga viser at fylkeskommunen som arbeidsgjevar for lærlingar er særleg aktuelt innanfor kontorfag og IKT, men at fylkeskommunen har få lærepllassar. Fylkeskommunen bør etter revisjonen si vurdering vurdere kva potensiale det er for å tilby fleire lærepllassar i eigen organisasjon.

## *System og rutinar for oppfølging av lærlingar*

Fylkeskommunen har etter revisjonen si vurdering eit godt system for å sikre at lærlingar i opplæringskontora sine medlemsbedrifter får den oppfølginga dei skal ha. Dette blir gjort gjennom årlege dialogsamtalar med opplæringskontora, der dei mellom anna går gjennom korleis opplæringskontora følgjer opp sine medlemsbedrifter og kontrollerer at det blir gjennomført halvårssamtalar med lærlingane.

Regionkontora i fylkeskommunen besøkjer og følgjer opp frittståande lærebedrifter ein gong i året. Det er ikkje utarbeidd rutine eller eit systematisk opplegg for kva bedriftsbesøka skal ha fokus på, og kva type dokumentasjon fylkeskommunen skal be om. Fylkeskommunen har henta inn informasjon frå dei frittståande lærebedriftene, som viser at 20 % av lærlingane i frittståande bedrifter ikkje hadde intern opplæringsplan. Vidare kom det fram at mellom 5 og 10 % av bedriftene ikkje hadde system for opplæring i alle mål eller har gjennomført halvårssamtale minimum kvart halvår. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør utarbeide system og rutinar for oppfølging av frittståande lærebedrifter for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.

Revisjonen anbefaler også at fylkeskommunen ser nærmare på kva rapporteringssystem opplæringskontora nyttar, for å vurdere om det er mogleg å nytte element frå desse systema for å legge til rette for god oppfølging av lærlingar i frittståande bedrifter gjennom eit elektronisk registreringssystem.

Det kjem fram av undersøkinga at lærlingar i opplæringskontor blir følgt tettare opp enn lærlingar i frittståande bedrifter. Revisjonen meiner at dette understrekar viktigeita av at fylkeskommunen etablerer betre system for oppfølging av dei frittståande lærebedriftene.

Undersøkinga har vist at det er utfordringar knytt til å få tilsette i mindre, frittståande bedrifter til å gjennomføre instruktørkurs. Revisjonen vil tilrå at fylkeskommunen har auka merksemd mot dette området, og at dei prøver å hente innspel frå bedriftene sjølv om korleis eit slikt opplæringstilbod best kan utformast, til dømes i form av nettbaserte kurs, kveldskurs eller liknande.

### *Fråfall og bortval ved yrkesfaglege studieprogram*

Undersøkinga viser at Sogn og Fjordane har gode resultat å vise til innan vidaregåande opplæring generelt og fagopplæring spesielt. Fylket har relativt sett høg prosentdel innbyggjarar i vidaregåande opplæring, høg prosentdel elevar og lærlingar som fullfører opplæringa på normert tid og høg prosentdel lærlingar som består fagprøve. Fylkeskommunen har lukkast med å auke talet på elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring frå 2010 til 2011, og har i mindre grad enn andre delar av landet utfordringar med at unge ikkje fullfører vidaregåande opplæring. På bakgrunn av det som kjem fram i undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har gode system for å følgje opp elevar og lærlingar som ikkje klarar å følgje eit vanleg opplæringsløp, og det er ein liten del unge som ikkje oppnår formell kompetanse.

Ei utfordring er likevel knytt til at det er ein del elevar som har vedtak om spesialundervisning på VG1 og VG2 som ikkje ønskjer å vere opne om dette når dei søker lærepllass. Undersøkinga viser vidare at dette gjer at ein del elevar ikkje får den oppfølginga dei treng når dei går over i lære. Dette kan utgjere ein risiko med omsyn til fråfall. Fylkeskommunen bør derfor prioritere å gje god informasjon til elevar og foreldre om korleis det er mogleg å legge til rette for lærlingar og eventuelt nytte lærekandidatordninga, med det føremål å få fleire elevar til å vere opne om kva behov dei har for tilrettelegging.

Av undersøkinga går det fram at unge som står utan lærekontrakt etter fullført VG2 vil få tilbod om oppfølging av Oppfølgingstenesta. Etter revisjonen si vurdering er det positivt at fylkeskommunen har prioritert å nytte ekstra statlege tilskot til særskilt oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt. Dette bidrar til at færrest mogleg står utan tilbod etter at dei har valt yrkesfaglege studieprogram.

### *Arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutta læretid*

Fylkeskommunen har ikkje statistikk som viser i kva grad lærlingar får jobb etter læretida. Generelt går det fram av undersøkinga at dei som har fagbrev stort sett vil få fast jobb i Sogn og Fjordane. Mange bedrifter tar inn lærlingar basert på behov i eiga bedrift, og mange av lærlingane får jobb der.

# 1. Innleiing

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet vart bestilt av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 27.11.2012 (vedtak 40/12), og er gjennomført i tidsrommet desember 2012 til april 2013.

## 1.1 Bakgrunn

Bakrunnen for forvaltningsrevisionsprosjektet er plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016, som er basert på overordna analyse. Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 blei vedteken av fylkestinget 16.10.2012. Prosjektet Fagopplæring og tilbodet til lærlingar blei prioritert som 2. prosjekt for gjennomføring i perioden, og rekruttering til yrkesfag blei prioritert som prosjekt nr. 3. Under handsaming i fylkestinget blei det fremja forslag om at kontrollutvalet kunne vurdere å slå saman desse to prosjekta. Rapporten som her ligg føre fangar opp problemstillingar knytt til begge prosjekta.

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

## 1.2 Føremål og problemstillingar

I samband med overordna analyse kom det fram at fleire meinte at det er utfordrande å rekruttere ungdom til yrkesfag i samsvar med behov i arbeidsmarknaden, og at det i tillegg er vanskeleg å skaffe læreplassar. Føremålet med dette prosjektet har vore å undersøke desse utfordingane, og å vurdere fagopplæringstilbodet og korleis opplæringstilbodet i bedrifter fungerer.

Prosjektet har undersøkt om organiseringa av fagopplæringa er føremålstenleg, og om den er i samsvar med fylkestinget sine føresetnader. Vidare har det blitt undersøkt om dei rutinar og system som fylkeskommunen har for oppfølging av lærlingar og lærebedrifter er tilfredsstillande og i samsvar med lover og reglar.

Med utgangspunkt i desse føremåla blei det utarbeidd følgjande problemstillingar som er undersøkt:

1. Korleis arbeider fylkeskommunen for å sikre rekruttering til relevante yrkesfaglege utdanningsprogram? (sett frå perspektivet til elevar, næringsliv, fagopplæringsnemnda og skuleeigar)
  - a) Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for å sikre godt samarbeid med rådgjevarar i grunnskulane om rekruttering til yrkesfag?
  - b) Fungerer rådgjevingstenesta i vidaregåande skular tilfredsstillande i høve til å sikre god oppfølging av elevar som skal søkje læreplass?
  - c) Finst det andre rekrutteringstiltak til yrkesfaglege utdanningsprogram og korleis fungerer desse?
2. I kva grad er utdanningsprogramma innan yrkesfagleg utdanning i samsvar med ynskja til elevane, behova i næringslivet og politikarane sine forventningar?

- a) Er fylkeskommunen sitt tilbod og arbeid med opplæring i bedrift føremålstenleg og i samsvar med fylkestinget sine føresetnadar?
3. Har fylkeskommunen gode rutinar for oppretting og godkjenning av lære plassar?
- a) Er det utarbeidd tilstrekkelege rutinar og retningslinjer knytt til lære plassar?
  - b) Har fylkeskommunen system for å bidra til at godkjende lærebedrifter tilbyr lære plassar?
  - c) Har fylkeskommunen tilstrekkeleg system for å føre kontroll med lærebedrifter?
  - d) I kva grad har fylkeskommunen tilbod om lære plassar i eigen organisasjon?
  - e) Har fylkeskommunen tilstrekkeleg tilbod til lærekandidatar (som får ein mindre omfattande fagprøve)?
4. I kva grad har ein utfordringar med fråfall/ bortval ved yrkesfaglege studieprogram?
- a) Kva er eventuelt årsaker til fråfall/ bortval ved yrkesfaglege studieprogram?
  - b) Kva er årsakene til at lærlingar/ lærekandidatar sluttar i løpet av læretida?
5. I kva grad har fylkeskommunen system og rutinar for oppfølging av lærlingar?
- a) I kva grad blir rutinane for oppfølging av lærlingar følgd?
6. I kva grad har fylkeskommunen system for oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt?
7. Korleis er arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutta læretid?
- a) I kva utstrekning tilbyr verksemndene med lærlingplassar arbeid til lærlingane etter gjennomført læretid?

# 2. Metode

## 2.1 Dokumentanalyse

Ei rekje dokument er brukt som bakgrunnsdata, revisjonskriterium og faktagrunnlag i undersøkinga. Dette gjeld mellom anna lover og lovforarbeid, rettleiarar, mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane med handlingsplanar, handlingsprogram for fagopplæringsnemnda i fylket, relevante vedtak, årsmeldingar og tilstandsrapporter for vidaregåande opplæring dei siste åra, relevante informasjonsbrev og skjema, fylkeskommunen sine rutinar knytt til fagopplæring, årsrapport frå lærebedrifter og tilgjengeleg informasjon på fylkeskommunen sine nettsider knytt til fagopplæring.

## 2.2 Intervju og fokusgrupper

Revisjonen har gjennomført intervju med utvalte personar som arbeider med fagopplæring i fylkeskommunen. Revisjonen har gjennomført gruppeintervju med arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda, og leiarane ved tre utvalte opplæringskontor som har ansvar for oppfølging av lærlingar.

I tillegg har revisjonen gjennomført intervju med tre rådgjevarar ved tre ulike vidaregåande skular i ulike delar av fylkeskommunen. Ved desse skulane blei det også gjennomført fokusgruppeintervju med elevar i yrkesfaglege studieprogram; to fokusgruppeintervju ved ein skule og eit på kvar av dei to andre vidaregåande skulane. Elevane som deltok i fokusgruppeintervjuva var elevar ved Vg2 som var i ferd med å søkje læreplass.

Revisjonen forsøkte å gjennomføre fokusgruppeintervju med nokre lærlingar. Det blei gjort avtale med fem lærlingar om deltaking i slikt intervju, men berre ein lærling møtte opp. For å sikre informasjon frå lærlingar, blei det i staden gjort avtale om telefonintervju med ytterlegare fire lærlingar som er under opplæring i bedrift. Revisjonen lukkast berre med å få kontakt med ein av desse lærlingane.

Oppsummering av intervju er blitt sendt til intervjuobjekta for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten. Notat frå fokusgruppeintervju og telefonintervju med lærlingar er ikkje sendt på verifisering.

## 2.3 Statistisk analyse

Revisjonen har nytta føreliggjande statistikk frå KOSTRA og innhenta statistikk frå fylkeskommunen som baserer seg på tal frå VIGO databasen.

## 2.4 Verifikasiing og høyring

Fylkesrådmannen har verifisert faktadelen i rapporten og har gitt ein uttale til dei vurderingar og forslag til tiltak som følger av rapporten. Fylkesrådmannen sin høyringsuttale går fram av vedlegg 1 til rapporten. Nokre opplysningar frå fylkesrådmannen sin høyringsuttale er tatt inn i rapporten.

I vedlegg 2 til rapporten har revisjonen gitt sine merknader til nokre av kommentarane i fylkesrådmannen sin høyringsuttale. Her går det også fram kva endringar som er gjort i kapittel 4 og kapittel 5 i rapporten, basert på høyringsuttalen frå fylkesrådmannen.

# 3. Revisjonskriterium

Innsamla data er vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lover, anna regelverk og relevante fylkeskommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria er uteia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.<sup>1</sup>

## 3.1 Fagopplæring og vidaregående opplæring i bedrift

Fagopplæringa omfattar normalt to års opplæring i skule og eit års opplæring i bedrift. Når opplæring i bedrift blir kombinert med verdiskaping i bedrifta, kan opplæringa strekkje seg over to år (jf. Oppl. § 3-3). Det er mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis i faget som er 25 prosent lengre enn den fastsette læretida. Det er fylkeskommunen som avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast, og fylkeskommunen kan i særlege tilfelle godkjenne kortare praksis (jf. Oppl. § 3-5). Fagopplæringa er i hovudsak regulert gjennom opplæringslova og forskrift til opplæringslova.

### 3.1.1 Godkjenning av lærebedrifter

Kapittel 4 i opplæringslova omhandlar vidaregående opplæring i bedrift. I § 4-3 går det fram krav om at bedrifter som tek på seg opplæring av ein eller fleire lærlingar eller lærekandidatar, må vere godkjende av fylkeskommunen. Det går vidare fram at private og offentlege verksemder og organ for samarbeid mellom bedrifter, som i fellesskap tek på seg opplæringsansvar (opplæringskontor eller opplæringsring), kan godkjennast som lærebedrift.

Det går vidare fram av §4-3 at lærebedrifta må vere fagleg vurdert av yrkesopplæringsnemnda før fylkeskommunen kan godkjenne bedrifta. Fylkeskommunen skal leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda før endeleg vedtak blir gjort.

I §4-3 står det også at dersom eit opplæringskontor eller ein opplæringsring skal bli godkjend, må dei enkelte bedriftene som inngår i kontoret eller ringen, vere godkjende av fylkeskommunen. Der samansetjinga av opplæringskontoret eller opplæringsringen endrar seg, skal kontoret eller ringen melde frå til fylkeskommunen, som skal vurdere godkjenninga på ny.

Når det gjeld tap av godkjenning går det fram av § 11-5 i forskrift til opplæringslova at fylkeskommunen kan dra godkjenninga som lærebedrift attende dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller forskrifa. Det går vidare fram at lærebedrifta må ha ny godkjenning dersom det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt eller opplæringskontrakt.

### 3.1.2 Krav til innhaldet i opplæringa, føresegner og fagleg kvalifiserte personar

Av opplæringslova § 4-3 går det fram at ei lærebedrift må kunne gje ei opplæring som tilfredsstiller krav til innhald i opplæringa. Innhaldet i opplæringa går fram av læreplanar for dei enkelte faga. Det går vidare fram at der lærebedrifta er eit opplæringskontor eller ein opplæringsring, skal dei samarbeidande bedriftene dokumentere at dei samla tilfredsstiller krava i forskriftene etter § 3-4 om innhaldet i opplæringa.

<sup>1</sup> RSK 001, standard for forvaltningsrevisjon

Opplæringskontoret må vidare ha føresegner som fastset tilhøvet mellom kontoret og medlemsbedriftene. Opplæringsringen må ha føresegner som fastset tilhøvet mellom dei samarbeidande bedriftene. Føresegnerne skal fastsetje kva den enkelte bedrifa skal gje av opplæring, og delinga av tilskotet mellom bedriftene (jf. Oppli §4-3).

Opplæringslova stiller også krav til at lærebodriftene skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt. Kvar enkelt bedrift skal ha ein eller fleire instruktørar som står for opplæringa av lærlingane og lærekandidatane (jf. Oppli §4-3).

### **3.1.3 Lærebodrifta sine rettar og plikter**

Opplæringslova § 4-4 omhandlar kva rettar og plikter lærebodrifta har:

«Lærebodrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen og lærekandidaten kan nå måla i den fastsette læreplanen.»

Det går vidare fram av § 4-4 at dersom lærekandidaten har krav på spesialundervisning etter kapittel 5 i Opplæringslova, skal det utarbeidast individuell opplæringsplan (jf. § 5-5 første ledet). Lærebodrifta skal også utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen eller lærekandidaten får ei opplæring som tilfredsstiller krava i læreplanen, eventuelt den individuelle opplæringsplanen. I § 4-4 står det også at om delar av opplæringa skal givast av andre enn lærebodrifta, skal lærebodrifta leggje til rette for dette.

I § 3-14 i forskrift til opplæringslova står det at halvårvurdering er ein del av undervegsurvurderinga for lærlingar og lærekandidatar. Halvårvurderinga er utan karakter og skal beskrive kompetansen til lærlingen eller lærekandidaten i forhold til kompetansemåla i læreplanverket. Halvårvurderinga skal også gje rettleiing om korleis lærlingen og lærekandidaten kan auke kompetansen sin i faget. Av den same regelen går det fram at instruktøren gjennomfører halvårvurderinga.

### **3.1.4 Krav til rapportering frå lærebodrifta til fylkeskommunen**

I § 11-3 i forskrift til opplæringslova står det at lærebodrifta pliktar å gje den informasjon som fylkeskommunen krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, og for å kunne fastsetje og utbetale tilskot. Det står vidare at lærebodrifta skal medverke til å etablere administrative system, og innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

### **3.1.5 Oppgåvene til fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda (fagopplæringsnemnda)**

§ 4-8 i opplæringslova skildrar oppgåvene til fylkeskommunen knytt til fag- og yrkesopplæringa. Her står det mellom anna at fylkeskommunen har eit ansvar for å rettleie og følgje opp bedriftene, samtidig som dei skal kontrollere at bedriftene fyller krava for godkjenning:

« (...) I samband med godkjenning av lærebodrifta skal fylkeskommunen rettleie og følgje opp bedriftene, i tillegg til å kontrollere at den enkelte bedrifa fyller krava for å få godkjenning.»

Yrkesopplæringsnemnda blir oppnemnd med fleirtal frå partane i arbeidslivet og minst ein representant for elevar, lærlingar eller lærekandidatar. Oppgåvene til yrkesopplæringsnemnda går fram av § 12-4 i opplæringslova. Her står det at yrkesopplæringsnemnda skal fremje behov hjå og synspunkt frå arbeidslivet overfor fylkeskommunane når det gjeld godkjenning av lærebodrifta og tap av godkjenning, og om fylkeskommunen sitt kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa. Yrkesopplæringsnemnda skal også arbeide for best mogleg dimensjonering av

den vidaregåande opplæringa, og gje fylkeskommunen råd om tiltak i samband med den årlege fastsetjinga av tilbodet. I Sogn og Fjordane fylkeskommune har yrkesopplæringsnemnda namnet Fagopplæringsnemnda.

I opplæringslova § 4-8 står det at fylkeskommunen skal leggje fram for yrkesopplæringsnemnda saker som har betydning for fag- og yrkesopplæringa, før fylkeskommunen gjer vedtak i saka. Når det gjeld saker om godkjenning av lærebedrifter, tap av godkjenningar og kvalitetssystemet for fag- og yrkesopplæringa, skal desse alltid leggjast fram for nemnda.

Opplæringslova slår fast at fylkeskommunen skal leggje vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt når saker som gjeld fag- og yrkesopplæringa blir avgjort. I samband med godkjenning av lærebedrift eller vedtak om tap av godkjenning skal fylkeskommunen leggje avgjeraende vekt på den faglege vurderinga frå yrkesopplæringsnemnda (jf oppl. § 4-8).

Av § 12-4 går det fram at yrkesopplæringsnemnda kan gje fylkeskommunen fullmakt til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter, eller til å utføre andre oppgåver som etter lov eller forskrift er lagde til yrkesopplæringsnemnda.

### 3.2 Fylkeskommunale mål og strategiar

Sogn og Fjordane fylkeskommunen har utarbeidd mål- og strategidokumentet: «*God – betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2013.*» Dokumentet definerer mellom anna følgjande overordna mål og ønska tilstand for vidaregåande opplæring innan 2015: «*Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på.*»

Eit anna overordna mål i mål- og strategidokumentet er knytt til auka gjennomføring:

«I perioden 2012-2015 har talet elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring auka med 2 prosentpoeng årleg.»<sup>2</sup>

Arbeid for å redusere fråfall er omtala i kapittel om karriererettleiing og gjennomføring i mål- og strategidokumentet. Der går det fram at:

«Den viktigaste suksessfaktoren i arbeidet for å redusere fråfall er heilskapstenking, samspel, systematikk og forankring på ulike nivå. God og relevant yrkes- og karriererettleiing er ein vesentleg føresetnad for at den einskilde elev tek reflekerte og medvitne avgjersler i høve val av utdanning og yrke»<sup>3</sup>

I kapitlet om vurdering går det fram at fylkeskommunen mellom anna har som mål at: «*Lærarar og instruktørar har høg vurderingskompetanse*».

Det går fram at gjennomføringsstrategien knytt til dette målet mellom anna er å vidareutvikle instruktørane sin vurderingspraksis gjennom å auke forståinga for vurdering som reiskap for læring, samt å utvikle instruktørane sin kompetanse i vurdering.

Mål- og strategidokumentet har også eit overordna mål om at: «*Alle elevar og lærlingar oppnår ein dokumentert og etterspurd kompetanse.*»

Det er også formulert delmål når det gjeld dimensjoneringa av opplæringstilbodet. Følgjande skal vere på plass innan 2015:

«Opplæringstilbodet støttar opp om næringssatsingar og den ynskte samfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane.

Vi tilbyr ei opplæring som er i samsvar med arbeids- og næringslivet sine behov for faglært arbeidskraft.

<sup>2</sup> *God – betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2013.* s 8

<sup>3</sup> Ibid s 10, kap 3.2.1

Arbeids- og næringsliv er aktive medspelarar i prosessen kring dimensjonering av opplæringstilbodet.»

Når det gjeld innhaldet i opplæringa i bedrift er eit av delmåla i mål- og strategidokumentet at:  
«*Kvaliteten på opplæringa vert sikra gjennom gode system for rapportering og oppfølging.*»

Det blir i strategiplanen vist til at det å sikre god kvalitet på opplæringa i bedrift er viktig for den einskilde lærling og lærekandidat, men er også avgjerande for å kunne tilby arbeids- og næringslivet i fylket høgt kvalifisert faglært arbeidskraft.

Det blir vidare peika på at det er viktig at elevane i vidaregåande skule blir godt budde til overgangen til opplæringa i bedrift for å kunne lukkast med dette, og at dette mellom anna kan skje gjennom nært samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og arbeidslivet. Mål- og strategidokumentet framhevar aktiv bruk av faget «Prosjekt til fordjuping» for at elevane skal bli kjent med forventningar og rutinar i arbeidslivet, og at dette tilsvarande vil kunne gje bedriftene realistiske forventningar om kva kunnskapar og ferdigheiter elevane har tileigna seg gjennom Vg1 og Vg2.<sup>4</sup>

Når det gjeld samfunnsrolla til fagopplæringa er det formulert følgjande delmål i mål- og strategidokumentet:

« (...) Alle elevar i yrkesfaglege program får ein del av opplæringa si gjennom bedrifter som opplæringsarena.

(...) Alle elevar har eit godt grunnlag for val av yrke eller vidare utdanning. Dette skjer gjennom erfaring frå arbeidsliv, god rådgjeving og karriererettleiling.»<sup>5</sup>

---

<sup>4</sup> Ibid s10


<sup>5</sup> Ibid s13

# 4. Data

## 4.1 Organisering, roller og nøkkeltal

Assisterande fylkesdirektør for opplæring er leiar for fagopplæringa i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fagopplæringa blir følgt opp av Team for fag- og vaksenopplæring. Teamet er fordelt på tre regionkontor i fylket. Regionkontora er plasserte i Hafslo, Førde og Nordfjordeid. Regionkontora følgjer mellom anna opp lærlingar, lærekandidatar og bedrifter, gjev informasjon til bedrifter om lærlingordninga og godkjener lærebedrifter og lærekontraktar. Regionkontora gjer administrativt arbeid i samband med gjennomføring av fagprøvar og vurderer praksisen til vaksne som ønskjer å ta fagbrev.

Figur 1: Organisasjonskart opplæringssektoren



Team for eksamen og dokumentasjon er plassert i Førde, medan team for inntak og formidling og team for kvalitet og utvikling er plassert på fylkeshuset i Leikanger.

Oppfølgingstenesta følgjer opp elevar som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje har søkt skule- eller lærepllass i vidaregåande opplæring, ikkje har teke imot skule- eller lærepllass, ikkje er i varig arbeid eller sluttar på skulen i løpet av skuleåret eller avbryt lærekontrakt. Oppfølgingstenesta i Sogn og Fjordane er organisert med ti oppfølgingstenestekoordinatorar, plassert ved vidaregåande skular i Årdal, Sogndal, Høyanger, Øyrane, Dale, Flora, Firda, Måløy, Eid og Stryn.

Fagopplæringsnemnda er rådgjevande organ i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Fagopplæringsnemnda har eitt medlem frå kvar av organisasjonane NHO, KS, VIRKE, YS, 2 frå LO og ein frå lærarorganisasjonane. I tillegg er det ein lærling/lærekandidatrepresentant, ein elevrepresentant, eit medlem frå hovudutvalet for opplæring og eit medlem frå hovudutvalet for plan og næring. Fylkessdirektøren førebur saker for Fagopplæringsnemnda.

I følgje vilbli.no er det 22 godkjente opplæringskontor (12 av desse er har adresse i Sogn og Fjordane) der fleire bedrifter har gått saman for å samordne inntak og opplæring av lærlingar/lærekandidatar. Av intervju går det fram at om lag 70- 80 % av alle lærlingane er knytt til opplæringskontor, og at like stor del av lærekontraktane blir forvalta av opplæringskontora.

Av årsmelding for 2011 og tilstandsrapport frå 2011 for vidaregåande opplæring går det fram at ved utgangen av 2011 var det registrert 849 laupande lærekontraktar og 47 laupande opplæringskontraktar i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

KOSTRA-tal for dei siste tre åra viser at litt over halvparten av elevar i vidaregåande skule tar yrkesfaglege utdanningsprogram .

**Tabell 1: Prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram eller studieretningar**

Prosentdel elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utd. program / studieretningar	2010	2011	2012
Sogn og Fjordane	54,2	54,9	53
Landet	51,2	51	50,8
Vest – Noreg	54,2	54,7	54,6

Tala viser at Sogn og Fjordane, som landet elles, har hatt ein liten reduksjon i prosentdel elevar i yrkesfaglege utdanningsprogram. Prosenten i Sogn og Fjordane er likevel noko høgare enn i landet elles, men mindre enn gjennomsnittet for Vest-Noreg.

## 4.2 Rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram

I intervju blir det peika på at det er utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde å arbeide med rekruttering til enkeltfag. Det er først og fremst bransjene sjølv som må syte for rekruttering som sikrar den arbeidskrafta dei har behov for. Rolla til fylkeskommunen er derimot å vere tett på bransjene og oppmode bedriftene til å vere tett på skulane for å samarbeide om rekruttering til dei ulike bransjene. Erfaringa til fylkeskommunen er at Opplæringskontora og bedriftene i varierande grad har kontakt med skulane og dei ulike utdanningsprogramma. I arbeidsutvalet til Fagopplæringsnemnda blei det stilt spørsmål ved om bransjene og opplæringskontora var godt nok representerte på messer arrangerte for ungdom på 10.trinn i grunnskulen.

### 4.2.1 Samarbeid mellom fylkeskommunen og ungdomsskulane

Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen legg vekt på at rådgjeving på ungdomssteget er særleg viktig i forhold til å førebygge feilval, og at det er behov for å synleggjere kva som er gode val for vidaregåande opplæring. Revisjonen får opplyst at fylkeskommunen derfor arbeider for å ha fokus på fagopplæring i yrkesrettleiinga på ungdomsskulenivå. I intervju blir det peika på at rådgjevarar i ungdomsskular ofte berre har 15-20 % av stillinga som rådgjevar. Dette gjer det vanskeleg å få tilstrekkeleg kompetanse om alle moglegheiter innanfor vidaregåande opplæring. Oppfatninga er at mange rådgjevarane på ungdomsskulane har lite tid og ressursar til å arbeide med rådgjeving. Det blir i intervju peika på at ettersom rådgjevarar har ein liten stillingsprosent til arbeidet, blir det viktig at heile skulen bidrar til informasjonsarbeid om yrkes- og utdanningsval.

Felles årlege rådgjevarsamlingar for rådgjevarar i grunnskulane og dei vidaregåande skulane, samarbeid omkring faget Utdanningsval og gjennomføring av næringsreiser er tiltak som blir peika på som viktige bidrag til å sikre godt samarbeid med rådgjevarane i grunnskulen omkring rekruttering til yrkesfaga. Fylkeskommunen har utarbeidd eit årshjul for karriererettleiing<sup>6</sup> der desse aktivitetane inngår.

### *Karriererettleiing gjennom faget Utdanningsval og skulebesøk*

Fylkeskommunen samarbeider med ungdomsskulane om faget Utdanningsval. Revisjonen får opplyst at alle dei vidaregåande skulane samarbeider med skular i sitt område om dette. Mange har knytt næringslivet opp mot faget, og det er etablert ulike hospiteringsordningar der elevane har to dagar i 9. klasse og to dagar i 10. klasse der dei får vere til stades på to ulike utdanningsprogram. Ordninga er lagt opp slik at elevane skal få prøve ut faget litt, ha praktiske forsøk og få innsyn i utdanninga. Ved ein skule blir det opplyst at i samband med hospiteringa for elevane på 10.trinn blir også lærarane til dei aktuelle elevane inviterte til å delta.

Av intervju går det fram at næringane som har behov for rekruttering har vore aktive i samband med Utdanningsval. Særlig har byggebransjen vore aktive når det gjeld å gje moglegheiter for at ungdomsskuleelevar skal få erfare faget. Opplæringskontoret Byggopp har ein gong i året nytta Øyrane skule i Førde og gjort den om til ein byggeplass der ungdom kan forsøke seg på ulike byggrelaterte oppgåver. Av intervju går det fram at dette tilbodet har blitt godt motteke av elevane. Opplæringskontoret Byggopp besøkjer også dei største ungdomskulane i fylket. Ved besøka har dei med nokre oppgåver til elevane for å motiverer dei. Ein del bedrifter utanfor opplæringskontor deltek også i informasjonsarbeid på skulane på eige initiativ.

Opplæringskontoret for hotell og matfag har organisert prosjektet «Kok i hop» i samarbeid med fylkeskommunen. I dette prosjektet reiser elevar frå vidaregåande skular rundt til ungdomskular og har demonstrasjonar. Det blir også arrangert ein eigen fagdag ved dei vidaregåande skulane som tilbyr hotell og matfag, der ungdomskuleelevar blir inviterte til å delta.

I intervju blir det peika på at enkelte bransjar ikkje klarer å følgje opp med like mykje aktivitet for å rekruttere fleire elevar, og at dette ofte heng saman med ressursmangel i bransjane. Det blir også peika på at det er noko forskjell mellom dei store og dei små skulane når det gjeld å ha gode opplegg for å informere om utdanningsprogram. I Førde er mange av bransjane nær den vidaregåande skulen, og dei har ein stor vidaregåande skule som gjer det lettare å lage gode opplegg. Mindre skular har ikkje høve til lage like omfattande opplegg for rekruttering til ulike bransjar. Frå Opplæringsavdelinga blir det likevel peika på at fleire små skular har gode opplegg for faget Utdanningsval.

Ved ein av dei vidaregåande skulane i undersøkinga blir det opplyst at rådgjevarane besøkjer dei nærliggjande ungdomskulane og informerer om tilbodet ved skulen. Opplæringsavdelinga opplyser at dette truleg blir gjort av dei aller fleste vidaregåande skulane i fylket. Eit anna døme som kjem fram i undersøkinga er ein vidaregåande skule som opplyser at skulen får ein del førespurnader frå rådgjevarar på ungdomskulen om enkeltelevar kan komme på besøk på skulen utanom hospiteringa i samband med Utdanningsval. Dette kan vere elevar som er usikre med omsyn til val av fag på vidaregåande skule. Dei får då tilbod om å hospitere på skulen for å få betre kunnskap om aktuelle fag.

Ein del av elevane revisjonen snakka med hugsa ikkje, eller hugsa berre vagt at dei hadde hatt faget Utdanningsval på skulen. Det var stor variasjon i elevane si oppfatning av om dei hadde fått god informasjon knytt til val av yrkesfaglege studieprogram på ungdomskulen. Mange sakna likevel meir informasjon om yrkesfag og bredda i utdanningsprogram. Elevane opplevde at hovudfokuset til lærarar og rådgjevarar på ungdomskulen var på studiespesialiserande fag.

<sup>6</sup> Årshjulet – utdanningsval Sogn og Fjordane, Årshjul karriererettleiing Sogn og Fjordane 2012-2013, publisert 27. april 2012.

Gjennomgåande viser elevane til at den informasjonen dei syntes var mest nyttig når det gjaldt fagutdanning på ungdomskulen, var det dei lærte gjennom å hospitere på vidaregående skular og prøve ut dei ulike faga. Fleire elevar la vekt på at det burde vere mogleg å få besøke fleire vidaregåande skular medan ein er elev på ungdomskulen. Vidare opplevde elevane det som lærerikt når elevar frå vidaregåande skule besøkte ungdomskulen for å gje informasjon om yrkesfag.

### *Rådgjevarsamlingar og informasjonsutveksling mellom rådgjevarar*

Fylkeskommunen arrangerer årlege rådgjevarsamlingar for alle rådgjevarar i vidaregåande skular og grunnskular. Revisjonen får opplyst at Oppfølgingstenesta og opplæringskontora også blir inviterte til samlingane, og nokre gonger har også opplæringskontora stand der dei presenterer fagområde og bransjar. Det er ulike tema på agendaen i desse samlingane, og av intervju går det fram at mange deltar på rådgjevarsamlingane som fylkeskommunen arrangerer.

To gonger i året er det i tillegg regionale rådgjevarsamlingar i kvar av dei tre regionane Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Tema på desse regionale samlingane har til dømes vore organisering av faget Utdanningsval i ungdomsskulen. På dei regionale rådgjevarsamlingane bestiller ungdomskulane nærmare informasjon om dei vidaregåande skulane og opplegg for skulebesøka, basert på elevane sine ønskje.

Av intervju går det fram at rådgjevarsamlingane fungerer godt. Samlingane gjer det mellom anna mogleg for rådgjevarane på dei vidaregåande skulane å formidle til ungdomskulane at det er svært viktig med lågt fråvær innan yrkesfaga.

### *Kompetanseretta tiltak for tilsette i ungdomsskulane*

Fylkeskommunen tilbyr «Næringsreiser» til mellom anna rådgjevarane og lærarar, både i vidaregåande skular og på ungdomsskulane. Eit føremål er at ein skal prøve å vise mangfaldet i utdanningsprogramma. På dette tilbodet blir det arrangert reiser til aktuelle arbeidsplassar, bedriftsbesøk og bransjebesøk, og besøk på skular med bestemte utdanningsprogram. Tilbodet skal ha fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane, og revisjonen får opplyst at det har vore aukande interesse for å delta. På nettsidene til Sogn og Fjordane fylkeskommune går det fram at det i 2012 blei arrangert fire næringsreiser med plass til inntil 20 deltakarar innanfor kvart av følgjande område:

- Helse og oppvekstfag
- Service og samferdsel
- Design og handverk
- Frå studiekompetanse til framtidsretta samfunnsyrke

I intervju blir det peika på at slike næringsreiser kan bidra til å korrigere haldninga om kva faga innehold. Spesielt for faget service og samferdsle har det vore behov for rettleiing med omsyn til innhaldet i faget.

### *Karrieresenter*

Fylkeskommunen har våren 2013 oppretta 4 karrieresenter (kontor). Karrieresentra er meint å vere ein ressursbase for rådgjevarar både på ungdomsskulenivå og i vidaregåande skule. Desse kontora skal ikkje arbeide med enkeltelevar. Karriererettleiingstenesta skal tilby støtte- og koordineringsoppgåver som rådgjevarar og kontaktlærarar kan nytte. Hovudmålgruppa for karrieresentra er voksne som kan få rád og rettleiing om karriere og vidaregåande opplæring ved senteret.

Fylkeskommunen er med på å finansiere stillingane på karrieresentra. To av regionane har 50 % stilling kvar, fordi kommunane i Sogn og Sunnfjord ikkje er med å finansiere tilbodet. Dei to andre kontora, i Nordfjord og Hafs, har kvar si 100 % stilling. I intervju med ein rådgjevar blir det etterlyst informasjon om korleis karrieresentra skal arbeide mot skulane.

## **4.2.2 Rådgjeving i vidaregåande skule og oppfølging av elevar som skal søkje lærepass**

Stillingsdel sett av til rådgjevingsarbeid ved dei vidaregåande skulane varierer frå skule til skule. Ved enkelte skular har same rådgjevar ansvar både for oppfølgingstenesta og for yrkesrettleiinga, medan desse oppgåvene er delt ved andre skular. I tillegg er det ved enkelte skular same person som fungerer som sosialpedagogisk rådgjevar og som yrkes- og karriererettleiar. Frå Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen blir det peika på at det er viktig å synleggjere og få til ei auka bevisstgjering om at rådgjeving av elevar er heile skulen sitt ansvar. Det er ikkje berre den enkelte rådgjevaren si oppgåve. Det blir peika på at det kanskje er faglærarane i vidaregåande skule som påverkar elevane sine val mest.

Av intervju går det fram at informasjonsutveksling om rettleiingsmetodikk mellom skular i hovudsak skjer på rådgjevarsamlingar eller på kurs. Elles ringer rådgjevarane til andre skular dersom dei har behov for spesifikk informasjon. Fleire peiker på at eit hinder for samarbeid mellom lærarar og rådgjevarane på ulike skular er ønskje om å verne om eigne elevplassar. Det blir likevel vist til at erfaringsutveksling er nyttig, og ein rådgjevar peiker på at det også kunne ha vore behov for koordinering og samarbeid når det gjeld gjennomføring av faget Prosjekt til fordjuping.

### *Fagleg rettleiing*

I intervju med rådgjevarar blir det peika på at det oftast er faglærarane som står for den faglege rettleiinga av elevane. Ved fleire skular legg dei vekt på at dei har lærarar med erfaring frå arbeidslivet som kan gje god informasjon til elevane. Ved ein skule legg rådgjevaren vekt på at lærarane får kompetanse og gode relasjonar til bedriftene når dei besøker elevar som er på utplassering i bedrifter. Ein del av lærarane som har lang erfaring, eller erfaring frå næringslivet, har også kontaktnett som blir nyttig for å kople bedrifter og elevar både når det gjeld utplassering og lærepass.

Rådgjevarar peiker på at rettleiing av elevar i samband med karriereval gjerne blir farga av interessene til den som skal rettleie. På første året i vidaregåande skule kan elevane, avhengig av utdanningsprogram, velje mellom inntil tjue fag. Det blir vist til at viss rettleiar ikkje er interessaert i eit bestemt fag, kan det vere at det ikkje blir gitt mykje rettleiing om akkurat det faget. Frå fylkeskommunen blir det vist til at dei tidlegare nemnde næringsreisene er eit tiltak for å gje breiare kunnskap til lærarar og rådgjevarar også i vidaregåande skule.

Ved ein av skulane i undersøkinga blei det arrangert ein såkalla «grundercamp» der bedrifter forklarte kva studie som kvalifiserte til ulike jobbar. Tiltaket blei oppfatta som vellukka fordi bedriftene fekk marknadsføre seg og elevane fekk informasjon om ulike utdanningsval.

Opplæringsavdelinga opplyser at slike arrangement blir organisert ved mange skular. Fleire rådgjevarar fortel at skulane har eit godt samarbeid med aktuelle lærebedrifter om rettleiing og informasjon om fagopplæring. Bedrifter besøker skulane både på eige initiativ, på initiativ frå opplæringskontor og ved førespurnad frå skulane.

Elevane synest at dei har fått mykje betre rettleiing og informasjon om yrkesval på vidaregåande skule samanlikna med ungdomskulen. Enkelte elevar peiker likevel på at dei også på vidaregåande skule kunne fått betre informasjon om tilbod på andre vidaregåande skuler i fylkeskommunen.

«Prosjekt til fordjuping» blir framheva som ein viktig faktor i høve til å gje elevane kjennskap til ulike utdanningsmoglegheiter. I dette faget får elevane velje utdanningsområde og prøve det ut i ein praksisperiode der dei er utplasserte i bedrift, til dømes ein dag i veka eller to veker samanhengande. Elevane kan då få stadfestat at faget dei prøver er rett val, eller at dei bør velje noko anna. Av intervju går det fram at ulike skular og utdanningsprogram organiserer dette tilbodet noko ulikt, og at det er rom for lokale og fagspesifikke tilpassingar.

Det er variasjon mellom skulane med omsyn til om dei klarar å skaffe praksisplassar i bedrift til alle elevar. I intervju blir det peika på at dette er særleg vanskeleg innanfor IKT-faget. Ved ein

skule der dei ikkje har klart å skaffe praksisplassar til alle elevane, har dei oppretta eit prosjekt som skal bidra til å hjelpe elevar til utplassering. Prosjektet er særleg retta mot dei fagområda der det manglar opplæringskontor som kan bidra til å organisere utplassering. Denne skulen har også partnarskapsavtalar med enkelte bedrifter som gjev tilgang til ein del praksisplassar. Ved ein annan skule der dei ikkje har klart å gje alle elevar innanfor maritime fag utplassering i bedrift, har dette blitt løyst ved at elevane får praksis om bord på ein båt som skulen eig.

Av intervju går det fram at for dei fagleg sett aller svakaste elevane, kan det vere vanskeleg å skaffe praksisplass, men dette gjeld svært få elevar. Det blir også peika på at skulane er avhengige av å ha eit godt forhold til bedriftene og at dei derfor er avhengige av at dei elevane som blir utplasserte fungerer godt i arbeidspraksisen.

Ved ein skule blir det vist til at bedriftene som tar i mot praksiselevar får eit standardbrev om kva som skal komme ut av praksisperioden. Eleven må også fylle i skjema som skildrar kva dei skal få ut av opphaldet. Skulen skal sikre at eleven har nødvendig kompetanse etter praksisperioden. Elevane skriv logg gjennom opphaldet som skildrar eigen utvikling. Desse loggane blir nytta i norskfaget.

Elevane legg vekt på at «Prosjekt til fordjuping» er ei svært nyttig og viktig erfaring med omsyn til å gjere val for vidare utdanning. Dei legg vekt på at det er bra at det er mogleg å vere utplassert i fleire bedrifter. Fleire elevar fortel at dei kunne ønske seg endå meir tid til utplassering i bedrift og at dei opplever at utplasseringstida i bedriftene er for kort.

I sin høyringsuttale til rapporten skriv fylkesrådmannen:

«Langt dei fleste elevar i Vg2 yrkesfag er utplassert i bedrift i faget «Prosjekt til fordjuping». Det blir jobba målretta ved dei vidaregåande skulane for at alle elevar skal få utplassering i faget. Alle dei vidaregåande skulane har arbeidslivskontakt som m.a arbeider for å få på plass partnarskapsavtalar med lokalt arbeids- og næringsliv. Samarbeid om Prosjekt til fordjuping er eitt av punkta i avtalane, og sjølvsagt også viktig for bedriftene med tanke på rekruttering.

Det er oppretta fagnettverk både på fylkesnivå og lokalt rundt den enkelte skule i alle yrkesfaglege utdaningsprogram. I nettverka er både arbeids- og næringsliv og faglærarar frå Vg1 og Vg2 med. Prosjekt til fordjuping er eit viktig punkt i mandatet.»

### *Rettleiing om arbeidslivet og arbeidsmarknaden*

I intervju blir det vist til at arbeidsmarknaden i fylket i dag er slik at ungdom kan få gode jobbar utan fullført vidaregående opplæring. Ungdommar utan utdanning blir likevel sårbare ved vanskelegare tider, og fylkeskommunen har derfor fokus på å informere ungdom om at dei bør velje utdanningsprogram som fører til at dei står sterke i arbeidsmarknaden.

På ein skule blir det vist til at dei prøver å stimulere elevar til å søkje seg til dei fagprogramma der næringslivet har behov for arbeidskraft. Det blir samtidig peika på at liner med låge søkerkartal gjerne blir fylt opp av elevar som ikkje er motiverte for faget, og som ikkje alltid fullfører utdanninga.

Ein rådgjevar meiner at informasjon til elevane om tilgang på læreplassar og arbeidsmarknaden er blitt litt betre. Vedkomande viser til at ein del av opplæringskontora, særleg innan fag der det er behov for arbeidskraft, er innom skulen og informerer ein gang i året. Det blir likevel peika på at enkelte opplæringskontor er meir fråverande enn ønskjeleg.

Ein rådgjevar saknar god informasjon om kva opplæringskontor som finst. Eit søk på fylkeskommunen sine nettsider viser at fylkeskommunen har lagt inn ein link til [vilbli.no](http://vilbli.no) der det er oversikt over opplæringskontora i Sogn og Fjordane, med kontaktinformasjon og linkar til nettsider for dei kontora som har dette.

Både rådgjevarar, elevar og lærlingar legg vekt på at rettleiinga har omhandla kor viktig det er at elevane har lågt fråvær for å kunne vere attraktive for bedriftene. Elevane blir opplyst om at stryk eit eller fleire fag og høgt fråvær, kan gjere at moglege arbeidsgjevarar ikkje ønskjer å tilby dei lærepass. I intervju blir det peika på at bedrifter innan maritime fag stiller krav om snittkarakterar over 3,5 og fråvær på mindre enn fire dagar. Ved ein skule fortel elevane at det har blitt arrangert fleire nyttige samlingar på skulen, med fokus på kva som skal til for å lukkast når ein er i utplassering og i lære. Både lærarar og bedrifter har delteke på samlingane som mellom anna gav elevane innblikk i kva fråvær kostar bedriftene.

### *Rettleiing om korleis ein søker lærepass*

Av intervju går det fram at det blir gitt rettleiing og informasjon om korleis elevane skal søkje lærepass, og eventuelt plass på andre skular, til dømes ved at rådgjevarane tar dette opp i undervisningsgruppene. Elevane får mellom anna opplæring i og hjelp til å skrive gode søknader. Nokre av elevane har delteke på kurs i korleis dei skal skrive søknad og CV, og korleis dei kan førebu seg på jobbintervju. Nokre elevar synest dei kunne fått meir hjelp til å søkje lærepass og fått meir forklaringar undervegs i søkerprosessen.

Mange peikar på at elevane blir oppmoda til å vere aktive og søkje lærepass direkte hjå bedriftene. Elevane får vite at det er viktig å registrere seg i VIGO for at dei skal ha rett på lærepass. VIGO er nettsida for innsøking til vidaregåande skule og lærepass. Dersom elevane berre søker lærepass gjennom VIGO søkerbasen, og ventar på å bli tildelt lærepass frå opplæringskontora, kan dei risikere at alle plassane blir fylt opp. Revisjonen har fått opplyst at erfaringa er at dei flinkaste elevane ordnar seg lærepass sjølve, medan nokre av dei svakaste berre søker gjennom VIGO og risikerer då å stå utan lærepass.

Rådgjevarane har eigen tilgang i VIGO søkerbasen der dei kan følgje med om elevane ved skulen søker lærepass. Ein rådgjevar fortel at om elevar er seine med å søkje lære/skulepass blir dei følgt opp ved at rådgjevarane tar direkte kontakt og spør kvifor dei ikkje har søkt.

Av fylkeskommunen sin rutine «Fagopplæring – formidling til bedrift, årshjul» går det fram at elevar som søker lærepass får ei SMS påminning i juni månad om at dei må jobbe med å skaffe lærepass.

#### **4.2.3 Andre rekrutteringstiltak**

Fylkeskommunen har ei nettside med overskrifta «Fagopplæring i bedrift.» Informasjonen på nettsida er ikkje strukturert slik at det er lett å skilje mellom kvar ein finn informasjon retta mot ulike målgrupper (elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter). Enkelte linkar er lagt inn fleire gonger, på ulike sider. Det er ikkje enkelt å finne fram til linkar med informasjon om yrkesutdanning på nettsidene VIGO eller til [vilbli.no](http://vilbli.no) på fylkeskommunen sine nettsider. På nettsidene er det heller ikkje enkelt å finne fram til informasjon som gjev oversikt over lærebedrifter og opplæringskontor.

I handlingsplanen knytt til mål- og strategidokumentet «God-betre-best» går det fram at det skulle etablerast faglege nettverk for skular og bedrifter for å styrke og vidareutvikle samarbeidet mellom vidaregåande skule og bedrift i 2012. Rektorane skulle i løpet av 2012 ta i bruk desse nettverka som arena for dialog om næringslivet sine behov. I brev frå Opplæringsavdelinga til dei vidaregåande skulane og opplæringskontora datert 22.06.2012, går det fram at skulane har ansvar for å få nettverka i gang innan oktober 2012. I brevet er det gitt oversikt over kva skule og opplæringskontor som inngår i dei ulike nettverka, og kva økonomisk ramme dei er tildelt. Av intervju går det fram at dette arbeidet er i gang. Eit opplæringskontor fortel at dei deltek i eit nettverk på tvers av regionane der fire vidaregåande skular samarbeider om rekruttering, informasjonsarbeid og gjennomføring av faglege leiarkurs. Luster vidaregåande skule blir opplyst å vere ein sentral drivkraft i nettverket.

Eit av opplæringskontora meiner at fylkeskommunen kunne ha hatt ei meir aktiv rolle i rekrutteringa til faget, mellom anna ved at fylkeskommunen kunne ha arrangert opplæringsmesser innanfor bestemte fag.

Innan fleire bransjar blir det gitt tilbod om praksis i utlandet i løpet av læretida. Både opplæringskontoret for hotell- og matfag og opplæringskontoret for offentleg sektor legg vekt på at eit slikt tilbod er viktig for bransjen og bidreg til at dei er attraktive for lærlingane. Fylkeskommunen har ein internasjonal koordinator knytt til EU-prosjektet for mellom anna utveksling av lærlingar.

Det har blitt arrangert gute- og jenteleir av opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag. Tilbakemeldingane frå elevane er at dei likar desse tiltaka.

Det er vidare gitt fleire døme på ordningar der elevar informerer elevar. Opplæringskontoret for offentleg sektor har mellom anna ei ordning der ungdom som arbeider i offentleg sektor, eller som sjølv er lærlingar, gjev informasjon til elevar på skulane som er aktuelle for lærepassar i same bransje. Elevane i undersøkinga opplever det som svært nyttig når det er lærlingar sjølv som gjev informasjon om moglegheiter i arbeidslivet.

### 4.3 Rettleiing av elevar som er vanskelege å formidle lærepass til

Av tal rapportert inn til KOSTRA går det fram at Sogn og Fjordane har hatt ein nedgang i søkerar til lærepass som har fått lærepass innan 1.oktober skuleåret etter at dei var ferdige med VG2.

Tabell 2: Prosentdel søkerar til lærepass som har fått lærling per 1.10<sup>7</sup>

Prosentdel søkerar til lærepass som har fått lærling per 1.10	2010	2011	2012
Sogn og Fjordane	72,7	72,8	64,6
Landet	70,1	71,4	67
Vest-Noreg	76,3	77	71,9

Tala viser at det både i Sogn og Fjordane, Vest Noreg og landet elles har blitt ein reduksjon i prosentdel søkerar som har fått lærepass per 1. oktober kvart år. I Sogn og Fjordane hadde 64,6 % av elevane fått lærepass første oktober i 2012, mot 72,7 % i 2010.

Fylkesrådmannen skriv i sin høyringsuttale til rapporten:

«Fylkesrådmannen vil presisera at teljedatoen 1. oktober gjev eit misvisande uttrykk for tal søkerar som ikkje har fått lærepass. Dei fleste lærekontraktar vert godkjende i september og oktober, og alle er såleis ikkje registrerte ved teljedato. Erfaring frå fleire år syner at det rundt 1. oktober står att 20-30 søkerar som ikkje er formidla. Dei to siste åra har 7-10 av desse vorte tilbydde alternativ Vg3 i skule. Andre har fått tilbod om kjøp av Vg3-plass i andre fylke. Målsetjinga er å gje absolutt alle eit tilbod.»

Sidan 2009 har Sogn og Fjordane fått tildelt ekstra midlar frå staten til fagopplæring.<sup>8</sup> I sak 4/12 vedtok fagopplæringsnemnda fordeling av dette tilskotet. Det blei mellom anna sett av 600 000 kr til eit prosjekt for å auke talet på lærepassar, samt formidling av lærekandidatar og lærlingar med svake karakterar/ mykje fråvær. I vedtaket blei det også sett av 1 650 000 kr til fordeling på inntil 50 000 kr per søker til lærepass for elevar som er vanskelege å formidle på grunn av svake karakterar eller mykje fråvær.

Fylkeskommunen har ein person i 100 % stilling som arbeider særskilt med rekruttering av nye lærebodrifter og formidling av lærekandidatar og lærlingar som er vanskelege å formidle. Denne

<sup>7</sup> KOSTRA-tal frå 2012 er innrapporterte tal per april 2013

<sup>8</sup> Saksframstilling, sak nr 12/2199-2

stillinga er finansiert med det statlege tilskotet. Den same personen er formidlingsansvarleg for elevar med under 25 poeng. Vedkomande får oversikter frå VIGO-systemet over kven som har låg poengsum og som ikkje har fått lærekontrakt. Oversikta er utgangspunktet for fylkeskommunen når dei skal arbeide med å skaffe læreplassar til dei som treng ekstra hjelp til det.

Revisjonen får opplyst av vedkomande som arbeider med formidling av lærekandidatar og lærlingar som er vanskelege å formidle, at formidlinga blir gjort i tett samarbeid og dialog med skulane. Formidlinga skjer ved at fylkeskommunen tar kontakt med aktuelle bedrifter der dei presenterer dei elevane det gjeld og ber om at eleven kan få arbeide i bedrifta i 2-3 månader for å vise seg fram. Dersom opphaldet i bedrifta munnar ut i ein lærekontrakt, vil bedrifta motta 50 000 kr i stønad. Dersom utplasseringa ikkje blir vellukka vil fylkeskommunen dekke lønna til eleven i dei månadene vedkomande har vore i bedrifta. Ungdommen det gjeld får tydeleg beskjed om kva som er forventa, og at dette er kanskje deira livs sjanse til utdanning. Dei får beskjed om at dei må møte på jobb, møte presis, vere interessert i arbeidsplassen og elles oppføre seg bra.

Ordninga blir opplyst å ha gode resultat og har blitt nytta til om lag 20 ungdommar i året. I intervju blir det peika på at dei tilsette i Opplæringsavdelinga har erfaring og kunnskap som gjer at dei lukkast med å finne fram til bedrifter som er villige til å ta inn ungdommane. I intervju blir det også peika på at typiske aktuelle bedrifter kan vere mellomstore bedrifter der leiarane har forståting for vanskelege enkelte unge kan ha med omsyn til å finne seg til rette i skule og utdanning.

Av intervju går det fram at fylkeskommunen tidligare fekk oversikt over dei elevane som var vanskelege å formidle etter sommarferien. No prøver dei å få oversikt over kven som kan ha utfordringar allereie i mars månad, og arbeider med å formidle desse elevane på våren og sommaren når andre elevar skaffar seg læreplassar.

#### **4.4 Elevar som har hatt vedtak om spesialundervisning**

Frå opplæringskontora blir det opplyst at dersom dei ser at elevar har særleg svake resultat, eller ikkje har hatt praksisplass når dei søker læreplass, etterspør dei gjerne årsakene til dette. Eit opplæringskontor opplyser at dei får den informasjonen dei treng om elevar frå PPT eller skule. Frå andre opplæringskontor blir det vist til at dei ikkje får informasjon om elevane har hatt spesialundervisning, fordi elevane må samtykke til at denne informasjonen blir formidla vidare. Dei viser til at mange elevar ønskjer å byrje med blanke ark utan at denne informasjonen skal følgje dei over i arbeidslivet.

Erfaringa til opplæringskontora er at det kjem raskt fram om elevane har lærevanskar når dei startar i lære. Dette er fordi dei ikkje klarar å følgje opp lærekontrakten. I slike tilfelle må opplæringskontora endre oppleget for elevane, anten ved at dei får lengre tid i lære eller ved at dei blir overført til ny kontrakt innanfor lærekandidatordninga.

Eit opplæringskontor etterlyser større transparens når det gjeld informasjon om kven som har hatt spesialundervisning i skulen, fordi det utan tilstrekkeleg informasjon er vanskeleg å følgje lærlingen godt nok opp. Dette opplæringskontoret hadde i 2012 ingen lærlingar i bransjen med særskilt tilrettelegging. Frå fylkeskommunen har dei likevel fått vite at 20 personar som no er lærlingar i bransjen hadde vedtak om spesialundervisning når dei gjekk på skule. Det blir peika på at dette er eit svært därleg utgangspunkt som gjer at elevar med særskilte behov ikkje får god nok oppfølging. Det blir vidare vist til at elevar som ikkje fungerer i bedrifter utan ekstra oppfølging, ofte må vente eit år eller meir før dei får nødvendig hjelp, mellom anna fordi dei skal utgreiast av PPT. I ventetida kan bedrifta ha gitt opp lærlingen.

Fylkeskommunen har sett av 1 500 000 kr som kan søkjast om til oppfølgingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det undervegs i læretida blir avdekka behov for ekstra tilrettelegging.<sup>9</sup> Eit av opplæringskontora legg vekt på at dette tilskotet har blitt etablert etter mykje merksemrd frå bransjane om utfordringar knytt til å legge til rette for enkelte elevar i læretida.

<sup>9</sup> Vedtak 4/12 - Fagopplæringsnemnda

## 4.5 Lærekandidatordninga

Lærekandidatordninga er eit tilbod til dei som ønskjer opplæring i bedrift, men som skal ta ein mindre omfattande kompetanseprøve enn ordinær fagprøve for lærlingar. Opplæringa skal gje kandidaten grunnlag for å utøve eit yrke og søkje arbeid på bakgrunn av dokumentert kompetanse. Nivået på opplæringa vil vere styrt av kandidaten sine eigne ønskjer og evner.<sup>10</sup> Revisjonen har fått opplyst at det er om lag 30 nye lærekandidatar per år i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at tala kan variere frå 20 til 40 nye lærekandidatar i året.

### 4.5.1 Rettleiing om lærekandidatordninga

Fylkeskommunen har utarbeidd brosjyrar med informasjon om lærekandidatordninga, som er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. Ein av brosjyrane gjev kortfatta informasjon om tilbodet, medan den andre er meir omfattande.

Revisjonen får opplyst at personen som fylkeskommunen har tilsett for å følgje opp lærekandidatar, besøker alle vidaregåande skular i oktober/november for å kartleggje kva elevar i VG1 og VG2 som vil kunne vere aktuelle for lærekandidatordninga. Skulane blir bedt om å finne fram til kven som bør følgje lærekandidatordninga så tidleg som mogleg. Føremålet med dette er å kunne få elevane tidleg ut i praksis i bedrift. Det blir peika på at det er viktig å prøve ut elevane i bedrift før det skal sendast søknad om opplæringsplass, og aller helst også få på plass aktuell lærebedrift. Oppfatninga er at det å tidleg få praksis frå bedrift vil kunne bidra til å gje elevane auka sjølvtillit. Av intervju går det fram at den i fylkeskommunen som følgjer opp lærekandidatordninga er med i prosessen fram til opplæringskontrakten blir teikna og er klar for godkjenning ved regionskontoret.

Innsøking til lærekandidatordninga er mogleg heile året sjølv om søkerfristen er 1. februar.<sup>11</sup> Revisjonen får opplyst at etter fristen er gått ut blir det nye møte på skulane der PPT, elev og eventuelt foreldre, NAV og skulen deltek. NAV er med på alle møta for å vere informert om eleven sin situasjon. Oppfatninga er at det er viktig at foreldre og eleven sjølv tidleg forstår kva rolle NAV kan ha, og at dei får informasjon om kva bedrifter det kan vere aktuelt å få opplæring i.

Fleire av dei som er intervjuia peikar på at det kunne ha vore fleire elevar som nytta lærekandidatordninga i staden for ordinær lærekontrakt, og at dette kunna ha redusert talet på unge som ikkje fullfører fagopplæringa. I intervju blir det peika på at lærekandidatordninga kan bidra til å gje ungdom eit positivt sjølbilde og sikre dei formell kompetanse. Oppfatninga er at fleire ikkje vel denne ordninga fordi foreldra eller elevane sjølve oppfattar ordninga som ei dårligare utdanning enn ordinært fagbrev. Det blir peika på at fylkeskommunen har slitt med å marknadsføre ordninga overfor foreldra. Oppfatninga er likevel at haldningane til lærekandidatordninga har begynt å endre seg noko etter at fylkeskommunen har marknadsført ordninga på ein positiv måte over fleire år.

Fra Opplæringsavdelinga blir det vist til at det er mogleg å tilpasse fleksible opplegg til elevane. Til dømes er det for lærekandidatane mogleg å ta fagprøve seinare, etter gjennomført lærekandidatlaup og eitt år ekstra praksis men då som praksiskandidat og med teoriprøve. Revisjonen får opplyst at dette blir gjort i mange tilfelle, og at denne løysinga er særleg aktuell for elevar som strevar med norsk, engelsk og matematikk. Det er også fullt mogleg å endre ein opplæringskontrakt til lærekontrakt dersom det skulle vise seg at personen det gjeld vil kunne klare å ta ei ordinær fagprøve.

<sup>10</sup> «Lærekandidat – noko for deg?» brosjyre frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.

<sup>11</sup> Frist for søkerfrist på særskilt grunnlag

Revisjonen får opplyst at opplæringsplanane til lærekandidatane skal gjelde frå første dag, men kan byggjast ut ved behov. Opplæringsplanane skal bygge på ein læreplan, og lærekandidatane skal opparbeide seg kompetanse som kan brukast i bedrifter. Det blir vist til at dette er utgangspunktet, og at lærekandidatar normalt ikkje skal stryke på kompetanseprøven. Då har lista blitt lagt for høgt.

#### 4.5.2 Tilbod til og oppfølging av lærekandidatar

NAV og Opplæringsavdelinga har ein samarbeidsavtale, der begge nyttar sine verkemedel for å skreddarsy opplegg for opplæringskontraktane til lærekandidatane. NAV kjøper opplæringstenester av fire arbeidsmarknadsbedrifter i fylket: Origo, Firda Produkt AS, Sogneprodukt AS og Sandane Industri L/L.

Av intervju går det fram at lærekandidatane får tilbod om opplæring innan alle bransjar, men at det ikkje er mogleg å tilby lærepass i alle fag utan at lærekandidatane må flytte på seg. Det blir vist til at ikkje alle lærekandidatar er klare til å flytte på hybel. Revisjonen får opplyst at det er enkelte lærekandidatar fylkeskommunen strevar med å finne opplæringspass til, men at i 2012 hadde alle fått opplæringspass tidleg på sommaren.

I intervju blir det vidare peika på at nokre gonger kan ungdommar ha så store fysiske og/ eller psykiske utfordringar at NAV ikkje klarar å finne bedrifter der dei kan få opplæring. Desse personane får eit dagtilbod, men ikkje eit opplæringsstilbod. Dette kan til dømes gjelde personar som må ha følgje av ein assistent heile livet.

I intervju blir det frå eit opplæringskontor gitt uttrykk for at tilboden til lærekandidatane burde ha vore betre, og at fylkeskommunen burde lagt betre til rette for at verksemndene kunne tatt inn desse kandidatane. Det blir vist til at lærekandidatar ofte er inne i ein vanskeleg sirkel, mellom anna med høgt fråvær. Dette gjer det vanskeleg for bedriftene å ta inn kandidatar frå denne gruppa og oppfatninga er at bedriftene derfor treng incentiv for å ta dei inn i opplæring.

I sitt høyringssvar til rapporten skriv fylkesrådmannen følgjande om kva tilskot som blir gitt til bedrifter som tek inn lærekandidatar:

«Bedrifter som skriv opplæringskontrakt med ein lærekandidat får vanleg lærlingtilskot. I tillegg blir det i dei aller fleste tilfelle tildelt midlar til spesialpedagogiske tiltak.»

Av intervju går det fram at Sogn og Fjordane, som einaste fylkeskommune, har eit eige opplæringskontor for tilrettelagt opplæring. Dette opplæringskontoret blir opplyst å fungere som andre opplæringskontor, med unntak av at NAV er med å finansiere opplæringsstilboda til elevane. Av intervju går det fram at skulane tek kontakt med Opplæringsavdelinga som saman med Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring finn fram til opplegg og utformar opplæringsplan for lærekandidatane. Opplæringsavdelinga ved regionkontora godkjenner opplæringsplanane.

Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring følgjer opp lærekandidatane som har behov for ekstra tett oppfølging. Dei andre opplæringskontora, og eventuelt frittståande lærebedrifter, følgjer opp dei andre lærekandidatane.

#### 4.6 Rutinar for godkjenning av lærepassar

Det er nyleg utarbeidd ein skriftleg rutine for godkjenning av lærebedrifter; «Fagopplæring - godkjenning av lærebedrifter / opplæringsbedrifter».<sup>12</sup> Av rutinen går det fram at etter mottatt søknad om godkjenning av ny lærebedrift, skal aktuelt regionskontor registrere bedrifta i VIGO. Regionskontoret skal vidare kontrollere at fagleg leiar innfrir krava for å kunne utføre rolla si i bedrifta, og at bedrifta kan gje opplæring i samsvar med læreplanen i faget.

<sup>12</sup> Ikke datert.

Av rutinen går det fram at dersom regionskontoret er usikker på om dei kan godkjenne bedrifta, kan dei gjennomføre bedriftsbesøk eller kontakte prøvenemnda for faget for råd, før vedtak blir fatta. Bedrifta blir godkjend i VIGO for det lærefaget det er søkt godkjenning i, og fagleg leiar i bedrifta blir knytt opp mot godkjenninga. Brev med standard tekst om godkjenning som lærebedrift blir sendt til bedrifta.

Rutinen for godkjenning av lærebedrifter har link til rundskriv F-21-95 frå Kyrkje, utdannings- og forskingsdepartementet «Krav til faglig leder i lærebedrift». <sup>13</sup> Dette rundskrivet gjev ei nærmare presisering av krava som følgde av tidlegare gjeldande Lov om fagopplæring i arbeidslivet.<sup>14</sup> Rutinen inneholder vidare ei sjekkliste, men ikkje fullstendig informasjon om kven som er ansvarleg for dei ulike sjekkpunkta. Rutinen inneholder heller ikkje informasjon om korleis fylkeskommunen skal sikre at lærebedrifter er fagleg vurdert av fagopplæringsnemnda.

I søknadsskjemaet «Søknad om godkjenning av bedrift» er det eit eige felt der fagleg leiar skal beskrive sine kvalifikasjoner og praksis, samt krysse av for kva dokumentasjon som er vedlagt.

Frå eit av opplæringskontora blir det gitt uttrykk for at kontrollen av frittståande bedrifter som ikkje er organisert i opplæringskontor burde ha vore betre. Bakgrunnen for dette er at opplæringskontoret har innlemma godkjente lærebedrifter i kontoret, og erfart at dei ikkje har hatt nødvendig dokumentasjon på plass for å innfri krav til å vere lærebedrift.

Bedriftene er formelt godkjente først når dei har inngått lærekontrakt, og godkjenninga gjeld i to år etter at lærlingen har slutta. Dersom bedrifta ikkje har lærling på to år må godkjenninga fornyast.

I sitt høyringssvar til rapporten skriv fylkesrådmannen:

«Ansvoaret for godkjenning av lærebedrifter og opplæringskontor er lagt til fylkeskommunen jf. opplæringslova § 4-3 og forskrifa § 11-1. Lov og forskrift skil ikkje mellom godkjenning av enkeltståande bedrifter og opplæringskontor.

Fagopplæringsnemnda vedtok i sak 6/10 lokale retningslinjer for slik godkjenning av opplæringskontor der ein i punkt 3 slår fast at fylkeskommunen skal godkjenne den enkelte bedrifta. I punkt 6 vert det vidare slege fast at fagopplæringsnemnda skal gje fagleg vurdering før godkjenning av nye opplæringskontor heimehøyrande i Sogn og Fjordane.

## 4.7 Rutinar for godkjenning av lærekontraktar

Det føreligg ikkje rutinar som skildrar kva krav som må vere innfridd for at fylkeskommunen skal godkjenne ein lærekontrakt.

Eit intervjuobjekt peikar på at det bør arbeidast meir for å få på plass lærekontraktar til alle læringane så tidleg som mogeleg, slik at dei slepp å vente heile sommaren etter VG2 og vere usikre på kva dei skal gjere til hausten. Det blir vist til at bedriftene generelt kunne ha vore raskare med å signere lærekontraktane med lærlingane. At det går lang tid før elevane får tilbod om eller avtale om lærepass kan føre til at ein del elevar heller vel å gå vidare til påbygg, fordi dei ikkje er trygge på at dei får lærekontrakt.

Av intervju går det fram at regionkontora har ansvar for å godkjenne alle lærekontraktar anten dei er knytt til frittståande bedrifter eller bedrifter organisert i opplæringskontor. Ved hjelp av VIGO Bedrift arbeider fylkeskommunen elektronisk med kontraktane. Revisjonen har fått opplyst at etter at dette systemet blei teke i bruk i 2012, er avtalane om kontrakt mellom bedrift og lærling på plass tidligare. Opplevinga er at fylkeskommunen med VIGO Bedrift har større kontroll med kor langt formidlinga er komen. I sin høyringsuttale til rapporten skriv fylkesrådmannen at

<sup>13</sup> Rundskriv F-21/95

<sup>14</sup> Erstattat av Opplæringslova i 1998

«Fylkeskommunen arbeider aktivt for å få lærebedriftene/opplæringskontora til å inngå avtale om kontrakt tidlegare enn no».

Av intervju går det fram at ved godkjenning av lærekontraktar blir det kontrollert at eleven har hatt tilstrekkeleg med teori, og at eventuelle krav til bestått teori blir påført kontrakten. Dersom det er grunnlag for nedkorting av læretida grunna tidlegare praksis eller anna opplæring i faget, blir dette også godkjent ved regionkontora i samband med godkjenning av lærekontrakten.

Regionkontora hentar inn underskrift frå lærling og bedrift, og læreplanen blir lagt ved kontrakten.

## 4.8 Oppfølging av lærlingar

Av intervju går det fram at regionkontora følgjer opp lærlingane i frittståande bedrifter, elles er det opplæringskontora som følgjer opp lærlingane. Frå Opplæringsavdelinga blir det peika på at bedriftene vil vere opptatt av eige omdømme, og god oppfølging av lærlingane vil derfor vere i deira eiga interesse. Ettersom det er små forhold og mange som kjenner til dei ulike bedriftene i regionane, vil ei bedrift som ikkje fungerer godt som lærebedrift fort bli kjent blant elevar og dermed risikere å ikkje få søkjalar.

Frå Opplæringsavdelinga blir det vist til dei ønskjer å vere på tilbodssida, legge til rette for gode måtar å følgje opp lærlingane, og bidra til å løyse situasjonar der eventuelt læreforhold ikkje fungerer som det skal. Det blir peika på at Opplæringsavdelinga må ha tillit til at opplæringskontora følgjer opp sine bedrifter og lærekontraktar. Dersom det er enkelte bedrifter som ikkje fungerer over tid, kan fylkeskommunen trekke tilbake godkjenninga som lærebedrift, men revisjonen får opplyst at dette i praksis aldri har blitt gjort.

Fylkeskommunen gjennomfører kvart tredje år ei lærlingundersøking som er utarbeidd av Utanningsdirektoratet. Det blir elles opplyst at lærlingane også kan ta kontakt med elev- og lærlingombodet i fylkeskommunen. Elev- og lærlingombodet besøker alle dei vidaregåande skulane i fylket kvart år. I tillegg får revisjonen opplyst at alle lærlingar blir gjort kjent med at det finst tillitsvalde og verneombod på arbeidsplassen, som dei kan kontakte dersom det oppstår vanskar. Fylkeskommunen opplyser at nokre lærlingar også tar direkte kontakt med regionkontora til Opplæringsavdelinga dersom det er noko dei vil ta opp.

### 4.8.1 Oppfølging i frittståande bedrifter

Det er ikkje utarbeidd skriftlege rutinar for arbeidsoppgåvene til rådgjevarane ved regionskontora i fylkeskommunen. Det er heller ikkje utarbeidd rutine eller eit systematisk opplegg for kva bedriftsbesøka som rådgjevarane gjennomfører skal ha fokus på, og kva type dokumentasjon fylkeskommunen skal be om. Av intervju går det fram at alle lærlingar får tilsendt lærekontrakt saman med kontaktinformasjon til regionkontoret og elev- og lærlingombodet, handbøker for lærlingar og informasjon om aktuelt lov- og regelverk knytt til kva rettar og plikter dei har. Denne informasjonen blir gjennomgått med lærlingane når rådgjevar er på bedriftsbesøk i dei frittståande bedriftene.

I intervju blir det vidare opplyst at lærlingar som ikkje er knytt til eit opplæringskontor får besøk frå regionkontoret minst ein gong det første halvåret i læretida. Elles skal bedriftene og lærlingen besøkast kvart år. Regionkontor har ved besøket samtale med lærlingen og med fagleg leiar/instruktør for å høyre korleis tilhøva er for lærlingen i bedifta. Revisjonen får opplyst at regionskontora spør om dei frittståande lærebedriftene har laga opplæringsplanar for lærlingen, og om det blir gjennomført halvårssamtalar. Bedriftene skal rapportere til fylkeskommunen at dei har gjennomført halvårssamtalar med lærlingane, men ikkje sende inn dokumentasjon frå samtalen.

Informasjon om halvårssamtalen, og døme på skjema som kan nyttast i samband med samtalen, er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.

I intervju blir det gitt uttrykk for at sjølv om mange av dei frittståande bedriftene er små, er inntrykket at dei har gode system for å følgje opp at lærlingar får den opplæringa dei skal ha.

Opplæringsavdeling i fylkeskommunen har tidlegare nytta eit nettbasert spørjeskjema for å innhente lovpålagt rapportering om opplæring i bedrift frå bedrifter som ikkje er medlem av opplæringskontor.<sup>15</sup> Skjemaet blei sendt til 110 lærebedrifter og hadde ein svarprosent på litt over 90.<sup>16</sup> Resultata viste at litt over 20 % av bedriftene rapporterer at dei ikkje hadde intern opplæringsplan for lærlingane. Vidare rapporterer mellom 5 og 10 % av bedriftene at dei ikkje har system for opplæring i alle mål, eller har gjennomført halvårssamtale minimum kvart halvår.<sup>17</sup> I rapporten frå undersøkinga skriv fylkeskommunen at det er behov for å følgje opp ein del bedrifter gjennom besøk frå regionskontora, og at i første omgang vil bedrifter som mellom anna manglar intern opplæringsplan og rutinar for mottak av lærling/lærekandidat bli følgjt opp. Opplæringsavdelinga opplyser at frå 2012 har denne rapporteringa blitt gjort elektronisk via VIGO, men på grunn av tekniske utfordringar fekk ikkje fylkeskommunen gyldige svar i rapporteringa for 2012. Rapportering for 2013 skal vere klar i løpet av mai. Det ligg inne faste spørsmål i VIGO, som fylkeskommunen ikkje kan endre. Fylkeskommunen har moglegheit til å sjå kva dei enkelte bedriftene svarer, og kan følgje dei opp på bakgrunn av dette.

I sitt høyringssvar til rapporten skriv fylkesrådmannen følgjande:

«Når det gjeld oppfølging av frittståande lærebedrifter vil fylkesrådmannen presisere at dei vert følgde opp med utgangspunkt i den årlege rapporteringa. Bedrifter som har avvik i høve lov og forskrift får besøk frå eitt av regionskontora. Regionskontora gir i første runde tilbod om hjelp til å utabreide individuell læreplan, mal for halvtårssamtale eller andre former for rettleiing. Fylkeskommunen er på tilbodssida, og bedrifta får ein tidsfrist for å rette på tilhøva. Bedrifta vert også oppmoda om å sende fagleg leiar og instruktørar på instruktørkurs. Dei frittståande bedriftene rapporterer på nøyaktig dei same område som opplæringskontora gjer gjennom kvalitetsdialogen. Regionskontora har også kontakt med lærlingar og lærebedrifter via telefon og e-post utanom dei årlege besøka.(...)»

Revisjonen får opplyst at lærlingane blir oppmoda om å ta kontakt med regionkontora så tidleg som mogeleg dersom det er noko som er vanskeleg eller utfordrande i bedrifta der dei går i lære. Det vil då bli innkalla til møte med lærlingen og bedrifta for å prøve å løyse problema. Det blir opplyst i intervju at det er sjeldan at lærlingar tek kontakt med regionkontoret for å få hjelp til å løyse problem. Bedrifter har i nokre tilfelle sjølv tatt kontakt med regionkontor fordi lærlingar har høgt fråvær. Der regionkontoret opplever at bedriftene ikkje følgjer opp lærlingen slik dei skal, prøver rådgjevar å hjelpe bedrifta til å handtere opplæringa eller om nødvendig omplassere lærlingen.

Av intervju går det fram at dersom bedrifter blir lagt ned eller går konkurs, bidrar regionkontoret med å skaffe ny lære plass til lærlingane. Det blir peika på at det er svært viktig at lærlingen kan dokumentere kva han eller ho har vore igjennom i læretida, slik at lærlingen slepp å gå igjennom dei same oppgåvene fleire gonger. Opplæring som er gjennomført tidligare blir godskriven ved teikning av ny lærekontrakt.

I intervju med lærlingar går det fram at oppfølginga i små bedriftar utanfor opplæringskontor kan vere mangefull. Ein lærling i ei lita bedrift fortel at det ikkje er tydeleg kven som har ansvaret for vedkomande si opplæring. Det er heller ikkje utarbeidd opplæringsplan for vedkomande. Vedkomande kjente ikkje til kven som kunne kontaktast utanfor bedrifta dersom noko ikkje fungerte, og hadde aldri hørt om elev- og lærlingombodet. Lærlingen kjente til at lærlingar som var knytt til opplæringskontor gjennomførte nettbasert rapportering om kva arbeidsoppgåver dei har gjort kvar dag. Han kjente også til ein annan lærling som ikkje hadde fått dokumentert eit år i ei lærebedrift som gjekk konkurs, og som derfor måtte begynne heilt på nyt.

<sup>15</sup> Årsrapport frå lærebedrifter – opplæring av lærlingar og lærekandidatar, ikkje datert dokument oversendt av Sogn- og Fjordane fylkeskommune.

<sup>16</sup> Revisjonen har ikkje fått opplyst kva år oversendt undersøking blei gjennomført.

<sup>17</sup> Rapportering frå bedrifter utanom opplæringskontor, ikkje datert dokument oversendt av Sogn- og Fjordane fylkeskommune.

#### **4.8.2 Oppfølging av lærlingar knytt til opplæringskontor**

For dei 70-80 % av lærlingane i fylket som er knytt til opplæringskontor, er det opplæringskontoret som har ansvar for oppfølging av lærlingen og kvaliteten i opplæringstilbodet. Av intervju går det fram at fylkeskommunen har kvalitetsdialog med alle opplæringskontora ein gong i året. Opplæringskontora opplyser at dei opplever å ha ein god dialog med fylkeskommunen.

Det er utarbeidd eit eige skjema for kvalitetsdialogen. Dette skjemaet inneholder mellom anna spørsmål om i kva grad opplæringskontoret kontrollerer at medlemsbedriftene gjennomfører vurderingssamtalar og halvårssamtalar med lærlingane og lærekandidatane.

Revisjonen får også opplyst at fylkeskommunen gjennomfører besøk til medlemsbedrifter i opplæringskontora, men at det ikkje er kapasitet til å følgje opp bedriftene så tett som dei skulle ønske.

I intervju blir det peika på at det stor forskjell mellom opplæringskontora når det gjeld kvaliteten på opplæringstilbodet og utforming av system for å følgje opp lærlingane. Eit opplæringskontor legg vekt på at dersom lærlingar opplever vanskar i læreforholdet, blir dei oppmoda om å ta dette opp på lågast mogleg nivå i bedrifta, eventuelt med elev- og lærlingombodet eller opplæringskontoret. Opplæringskontoret vil eventuelt kunne vere ein diskusjonspartner for lærlingen om korleis dei kan gå fram dersom ikkje læretilhøva fungerer som dei skal. Eit anna opplæringskontor opplyser at det først og fremst er opplæringskontoret som følgjer opp lærlingen og bedrifta om det er vanskar i eit læreforhold.

Opplæringskontoret for hotell- og matfag opplyser at dei gjennomfører månadlege møte med lærlingane, der dei tek opp spørsmål om korleis forholda fungerer på arbeidsplassane. Dette blir gjort i tillegg til halvårssamtalane som blir gjennomført i bedriftene.

Opplæringskontoret Byggopp opplyser at dei har eit eigeutvikla elektronisk system (OLKWEB) for å følgje opp lærlingar. Det blir opplyst at dei er særskilt nögde med dette systemet. Systemet inneholder informasjon om lærlingen sin skulehistorikk, evalueringar fra lærlingoppdrag, lærebøker, kurs kandidaten har gjennomført, loggføringar, eventuell kontakt med PPT (i lukka rom i det elektroniske systemet), og anna informasjon som er viktig for å følgje utviklinga til lærlingen. Systemet har funksjonar for å sende varsling til både oppfølgingsansvarleg for lærling og lærlingen sjølv, viss pålagde oppgåver ikkje blir gjort i tide. Varslingane er utgangspunkt for oppfølging frå opplæringskontoret i forhold til lærlingen, og blir opplyst å fungere slik at det fangar opp dei som ikkje meistrar lærlingrolla. Byggopp meiner at fylkeskommunen kunne tilrettelagt den informasjonen dei sender over til opplæringskontoret betre slik at den enkelt kunne blitt importert i oppfølgingssystemet.

Eit anna opplæringskontor opplyser at for elevar som krev ekstra tiltak/ tilpassingar for å kunne gå i lære, blir det stilt krav om jamleg oppfølging frå fylkeskommunen og NAV før opplæringskontoret tar på seg å følgje opp kandidatane. Slik oppfølging blir oppfatta som avgjerande for å unngå heving av lærekontraktar.

Av intervju går det fram at det er i ferd med å bli meir vanleg at lærlingar får prøve seg i fleire bedrifter. Dette har samanheng med at bedriftene stadig blir meir spesialiserte, og at lærlingane av den grunn må innom fleire bedrifter for å få dekt krava til fagkompetanse på ulike område. Fleire peikar på at ein fordel med opplæringskontora er at dei kan følgje opp lærlingar som rullerer mellom bedrifter, dersom ei bedrift ikkje kan ta seg av alle elementa i opplæringa. Frittståande bedrifter må kunne ta seg av alt den enkelte lærlingen skal ha opplæring i.

#### **4.8.3 Instruktøroplæring**

I kvalitetsdialogen med opplæringskontora etterspør fylkeskommunen om opplæringskontora har oversikt over i kva grad faglege leiarar og instruktørar har delteke på instruktørkurs om rettar og plikter, læreplanar i kunnskapsløftet, introduksjon og rettleiing eller dokumentasjon og vurdering.

Rapporteringa frå bedrifter utanom opplæringskontor viste at nær 60 % av bedriftene ikkje har delteke på instruktørkurs med sine instruktørar. I intervju med Opplæringsavdelinga blir det peika på at det er vanskeleg å få dei frittståande bedriftene til å delta på kurs. Det blir vist til at fylkeskommunen ikkje kan påleggje bedriftene noko form for opplæring. Fylkeskommunen gjev tilbod til nye bedrifter om ein dags kurs, der bedriftene kan få kompensert for tapt arbeidsforteneste. Vidare blir bedriftene oppmoda om å delta på 2-3 dagar på ordinære instruktørkurs som fylkeskommunen tilbyr. Det blir peika på at det å delta på kurs kan vere spesielt krevjande for einmannsbedrifter, som gjerne må stenge verksemda mens dei er på kurs.


Fra Opplæringsavdelinga blir det samtidig vist til at kursing av instruktørar er viktig. Kursa gjev bedriftene verktøy og innspel i høve til det å lage ein opplæringsplan, noko mange ser på som utfordrande.

#### **4.9 Fråfall og bortval innanfor yrkesfag**

KOSTRA-tala viser at Sogn og Fjordane har ein høg prosentdel av innbyggjarane mellom 15-18 år i vidaregåande opplæring, samanlikna med Vest-Noreg og landet utanom Oslo. I Sogn og Fjordane var prosentdelen for 2012 93,5 % medan den for Vest-Noreg var 92,6 % og landet utanom Oslo var 91,9 %.

KOSTRA-tal viser at Sogn og Fjordane fylkeskommune er eit av dei fylka i landet som har hatt høgast prosentdel elevar og lærlingar som består vidaregåande opplæring innan normert tid.


**Figur 2: Prosentdel elevar og lærlingar som har bestått vidaregåande opplæring i løpet av normert tid<sup>18</sup>**



I KOSTRA går det fram at Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein høgare prosentdel lærlingar som består fagprøve enn resten av landet og Vest-Noreg. I 2012 var det 5,8 % som ikkje fekk bestått. Frå Fagopplæringsteamet i fylkeskommunen blir det opplyst at dei trur talet på lærlingar som stryk på fagprøva er jamt fordelt mellom dei ulike yrkesfaga.

<sup>18</sup> Det ligg ikkje føre tal for 2012 i KOTRA-databasen.

**Figur 3: Prosentdel beståtte fag- og svenneprøver (KOSTRA)**



I intervju blir det vist til at ei stor utfordring innanfor helsefagarbeidarutdanninga ofte kan vere at ein i arbeidslivet vil få tilbod om små stillingsprosentar, og det er kjent at dette er eit låglønsyrke. I tillegg er det vanleg at mange innafor denne bransjen sjølv oppmodar unge til ikkje å velje dette fagområdet på grunn av låg løn og mykje deltidarbeid. Det blir også peika på i intervju at dette er eit fagområde med ein del ufaglært arbeidskraft.

#### 4.9.1 Sluttårsaker


Opplæringsavdelinga peikar på at det kan vere vanskelege å få oversikt over eksakte sluttårsaker når lærlingar sluttar i løpet av kontraktstida. Heving av lærekontraktar skal registrerast i eit eige skjema, men det førekjem ofte at ein ikkje er presis ved utfylling av dette før det blir levert inn til fylkeskommunen. Fagopplæringsteamet opplyser i intervju at dei utfordrar bransjene gjennom dei årlege kvalitetsdialogane på at dei må registrere reelle årsaker til heving av kontrakten.

Sluttårsaker skal registrerast i VIGO-databasen, etter bestemte årsakskategoriar som er felles for heile landet.

I 2012 blei 50 lærekontraktar heva i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Statistikken viser vidare at det er litt fleire kvinner (28) enn menn (22) som har heva lærekontrakt.


Personlege årsaker skil seg ut som den mest vanlege årsaka til at lærekontraktar blir heva, bortsett frå i dei tilfella når lærlingane blir overført til ny kontrakt. Det er også ein del lærlingar som flyttar eller har begynt på skule (9 personar). Fordelinga på ulike hevingsårsaker går fram av tabellen under:

**Figur 4: Årsak til heving av lærekontrakt 2012 i %**



Totalt var det skuleåret 2010/2011 109 elevar som slutta på yrkesfaglege studieprogram. Når det gjeld sluttårsaker er det mest vanleg å oppgje personlege årsaker (37 personar) som grunn. Det er i tillegg oppgitt at ein del elevar har slutta på grunn av manglande motivasjon eller at dei er skuleleie (17 personar). Når det gjelder dei som er registrerte med manglande motivasjon som sluttårsak er det ei klar overvekt av menn.

**Figur 5: Sluttårsaker i yrkesfaglege studieprogram**



#### 4.9.2 Oppfølging av elevar eller lærlingar som har slutta

Av intervju går det fram at elevar/lærlingar som sluttar på skule eller som hevar lærekontrakt med bedrifta får tilbod frå Oppfølgingstenesta om oppfølging. Når det blir registrert i VIGO at ein elev eller lærling har slutta, vil Oppfølgingstenesta få melding om dette og følgje opp den det gjeld. Også i desse tilfella kan fylkeskommunen lage tilpassa opplegg for eleven/lærlingen i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og NAV.

## 4.10 Arbeidssituasjonen for lærlingar etter avslutta læretid

Fylkeskommunen har ansvar for å tilby vidaregåande opplæring til dei som har ungdomsrett. Ungdomsrett vil sei at ungdom som har gjennomgått grunnskulen har lovfesta rett til tre års vidaregåande opplæring. I nokre lærefag kan opplæringstida vere lengre enn tre år. Ungdomsretten må nyttast innan seks år når heile eller deler av opplæringa skjer i lærebedrift, og innan ungdommen fyller 24 år. Når ungdomsretten har gått ut har ikkje fylkeskommunen lenger ansvar for å gje tilbod om vidaregåande opplæring. Unge som ikkje lenger har rett til vidaregåande opplæring, står utan jobb og eventuelt manglar fullført vidaregåande opplæring, kan få oppfølging frå NAV. Dette ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Det føreligg ikkje statistikk som viser i kva utstrekning verksemndene med lærlingplassar tilbyr arbeid til lærlingane etter gjennomført læretid.

I intervju blir det peika på at inntrykket er at dei som tek fagutdanning i større grad blir buande i fylket enn dei som tek studieførebuande i vidaregåande skule. Inntrykket til intervjuobjekta er at mange får jobb og at ungdom er godt sikra med omsyn til å få jobb dersom dei har fagbrev.

Opplæringskontoret Byggopp opplyser at tilnærma alle lærlingane knytt til opplæringskontoret får jobb hjå bedriftene etter læretida. Innan hotell og matfag har opplæringskontoret erfart at dei som tar fagbrev ofte vil få leiande stillingar fordi det er så mange ufaglærte i bransjen.

## 4.11 Dimensjonering av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma

Hovudutvalet for opplæring vedtar kvart år opplæringstilboden i vidaregåande skule, heilt ned til talet på elevplassar ved ulike utdanningsprogram fordelt på skulane i fylket. Saksutgreiinga til desse sakene i hovudutvalet tek mellom anna utgangspunkt i råd frå Fagopplæringsnemnda.

Fagopplæringsnemnda ser på kva behov næringslivet har for kompetanse og arbeidskraft, og på den totale dimensjoneringa av utdanningstilboden i fylket, uavhengig av kva skule tilboden skal plasserast ved. Fagopplæringsnemnda har tett kontakt med næringslivet gjennom opplæringskontora i fylket. Tilbakemelding frå opplæringskontora om behov for arbeidskraft i dei ulike bransjane, blir opplyst å vere ei sentral kjelde til informasjon om korleis fylkeskommunen skal dimensjonere opplæringstilboden innanfor yrkesfaglege utdanningsprogram.

Opplæringskontora hentar inn informasjon frå sine medlemsbedrifter om kor mange lærlingar dei kan og ønsker å ta i mot kvart år. Av intervju går det fram at arbeidsutvalet til Fagopplæringsnemnda dei siste tre til fire åra har hatt dialogmøte to gonger i året med alle opplæringskontora i fylket, mellom anna for å få innspel om dimensjonering av fagutdanninga i fylket. I samband med saka om opplæringstilboden for 2013/14 kom det totalt inn 13 innspel frå opplæringskontor og bransjar.

Hausten 2012 inviterte fylkeskommunen også alle lærebedriften i fylket som ikkje var knytt til eit opplæringskontor til å komme med innspel til opplæringstilboden for 2013-14.<sup>19</sup> Revisjonen har fått opplyst at det ikkje kom særlig mange innspel frå frittståande bedrifter.

I saksutgreiinga til Hovudutval for opplæring tek fylkeskommunen også omsyn til økonomi og elevane sine ønskjer ved dimensjonering av utdanningsprogramma. Elevane sine ønskjer blir hovudsakeleg vurdert ved å sjå på søkartala registrert i VIGO, og dei historiske tala på søkerar på ulike program. Elevane og lærlingane er vidare representerte i Fagopplæringsnemnda, men har utover dette ikkje eigne organ for å formidle ønskjer eller behov for utdanningsprogram.

I intervju blir det peika på at hovudutvalet ikkje alltid tar omsyn til innspel og råd frå Fagopplæringsnemnda, men at dei i større grad no enn tidlegare følgjer råd frå nemnda. Mange av dei som er intervjuia, inkludert elevane, framhevar at når det er tilbod om skuleplassar innan eit

<sup>19</sup> Brev datert 25.07.2012 signert ass. Fylkesdirektør: «Opplæringstilboden 2013-2014. Invitasjon til å komme med innspel til dimensjonering.»

område, og når aktørar i næringslivet har ønskje om at det blir oppretta ekstra plassar for elevar, må dei også kunne tilby lærepllassar. Det blir peika på at dette ikkje alltid har vore tilfellet i Sogn og Fjordane. Enkelte peikar på at nokre næringslivsaktørar ønskjer fleire kandidatar å velje mellom, og derfor har interesse av at det blir oppretta fleire skuleplassar enn bransjen kan følgje opp med lærepllassar. Om bransjar i slike tilfelle får politisk støtte vil det bli ei overdimensjonering av talet på skuleplassar knytt til det aktuelle fagområdet. Bilbransjen blir nemnt som eit døme på at slik overdimensjonering har skjedd dei siste åra.

#### 4.11.1 Tilbod og etterspurnad om lærepllassar

I intervju blir det vist til at ein i Sogn og Fjordane ser ein tendensen til at mange elevar etter gjennomført VG2, vel å ta påbygg til studiekompetanse. Revisjonen får opplyst at dette særleg gjeld innan helsearbeidarfaget, men ein del elevar vel også påbygg til studiekompetanse fordi dei ikkje får lærepllass.

KOSTRA-tal viser at prosentdel elevar som etter VG2 innan yrkesfaglege studieprogram vel å gå VG3 for å få studiekompetanse, har gått ned i Sogn og Fjordane dei siste åra. I 2012 utgjer dei i underkant av 25 % av elevane. Tala er stabile for landet elles, men viser ein nedgang også i Vest-Noreg.

**Tabell 3: Prosentdel elevar som tok VG2 yrkesfaglege utdanningsprogram i fjor, som valte VG3 studiekompetanse i år**

Prosentdelelevar VG2 yrkesfaglege utdprog i fjor, VG3 studiekompetanse i år	2010	2011	2012
Sogn og Fjordane	27,7	27,2	24,8
Landet	28,8	29	29
Vest – Noreg	29,3	27,9	26,1

Frå Opplæringsavdelinga har revisjonen fått oversikter over lærefag med for få lærepllassar i høve til talet på søkjrar, og lærefag med for få søkerar til lærepllassar i høve til behovet i næringslivet i 2012:<sup>20</sup>

**Tabell 4: Lærefag med for få lærepllassar i høve til talet på søkerar i 2012**

Lærefag med for få lærepllassar i høve tal søkerar 2012:	Tal læreplass	Tal søkerar	Tal søkerar utan ønskja læreplass
Anleggsmaskinførarfaget	19	26	7
Bilfaget, lette køyretøy	20	29	9
Dataelektronikar	13	22	9
IKT-faget	12	17	5
Industrimekanikarfaget	19	51	32
Matrosfaget	12	19	7
Motormannfaget	6	14	8
Yrkessjåførfaget	16	41	25
Sikkerheitsfaget	0	5	5
<b>Totalt</b>	<b>117</b>	<b>224</b>	<b>107</b>

Tala viser at det særleg innan yrkessjåførfaget og industrimekanikarfaget er for mange søkerar i høve til talet på lærepllassar.

<sup>20</sup> I årsmeldingar og tilstandsrapportar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane fylkeskommune frå tidlegare år, går det fram at ikkje alle lærebedrifter tilbyr lærepllassar kvart år og at tala på tilgjengelege lærepllassar derfor kan vere lågare.

I sitt høyringssvar til rapporten skriv fylkesrådmannen:

«Talgrunnlaget tek utgangspunkt i tilmelde intensjonsavtalar og samanliknar desse med tal sokjarar. Det er ikkje alle bedrifter som melder inn behov for lærepllass i rett tid, og nokre sokjarar gjer om på sine val i løpet av formidlinga. For nokre av faga vert då utsлага store, og gjev eit feil bilet av situasjonen.

Fylkesrådmannen sin kommentar er at det i yrkessjåførfaget i 2012 var for få sokjarar i høve tal lærepllassar. Også i industrimekanikarfaget fekk alle eit tilbod om lærepllass i dette faget eller eit beslektat fag.»

(...)

Det er ikkje rett at 107 sokjarar ikkje fekk ønska lærepllass. Jf. kommentar i pkt. 5.2 om teljedato 1. oktober. (...).»<sup>21</sup>

Revisjonen får opplyst at IKT-faget tidlegare har vore noko overdimensjoner, men på det området har fylkeskommunen no redusert talet på studieplassar slik at det er betre tilpassa behovet i arbeidsmarknaden og talet på lærepllassar. Tala over viser at det i 2012 var fem sokjarar som ikkje fekk lærepllass innan IKT faget.

I intervju blir det også peika på at det har vore vanskeleg å finne tilstrekkeleg med lærepllassar innanfor bilbransjen. Innanfor dette faget blir det gitt tilbod om VG3 i skule som alternativ til opplæring i bedrift. På VG3 tilboda blir det mindre praksis for elevane enn om dei går i lære ute i bedrift, og av intervju går det fram at det vanlegvis har vore ein høg prosentdel elevar som ikkje har klart fagprøve etter VG3 i skule. Tala frå Opplæringsavdelinga viser at ni sokjarar til bilfaget stod utan lærepllass i 2012.

Ein rådgjevar peikar på at det ikkje er nok lærepllassar til frisørrelevante i fylket. Vedkomande viser til at ein del av frisørrelevante likevel finn lærepllass på eiga hand utanfor fylket.

Av intervju går det fram at det kan variere frå skule til skule kva fagområde det er vanskeleg å skaffe lærepllassar innanfor. Ved ein skule blir det mellom anna vist til at det er vanskeleg å finne lærepllassar innanfor barne- og ungdomsarbeidarfraget.

Revisjonen har også fått oversikt som viser lærefag med for få sokjarar til lærepllassar i høvet til behovet i næringslivet i 2012.

**Tabell 5: Lærefag med for få sokjarar til lærepllassar i høve til behovet i næringslivet i 2012**

Lærefag med for få sokjarar til lærepllassar i høve til behovet i næringslivet i 2012:	Tal lærepllass	Tal sokjarar	Tal lærepllassar utan sokjarar
Helsearbeidarfraget	37	22	15
Industrisnekkarfraget	5	1	4
Industrirørleggjarfaget	5	1	4
Laboratoriefaget	3	0	3
Murarfaget	6	1	5
Produksjonsteknikkfaget	12	5	7
Salsfaget	28	9	19
<b>Totalt</b>	<b>96</b>	<b>39</b>	<b>57</b>

<sup>21</sup> Dette viser til fylkesrådmannen sin høyringsuttale som er vedlagt rapporten.

Tabellen over viser at det er særleg innan salsfaget og helsearbeidarfaget at det var for få søkerar til lærepassane i 2012. Av intervju går det fram at innanfor helsearbeidarfaget er vanskeleg å få nok lærlingar fordi mange elevar i desse faga vel å ta påbygg. Elevane ønskjer i stor grad å ta studiespesialisering og vidare utdanning som sjukepleiar/ vernepleiar framfor å gå ut i lære etter VG2. Fleire peiker også på at det er utfordrande å få elevane til å velje helsefagarbeidarfaget fordi faget har fått eit litt dårlig omdømme, og unge er kjent med at fagarbeidarar ofte har låg løn og mykje ufrivillig deltid.

I intervju blir det vist til at det også er ei utfordring at det er for få elevar innanfor byggfag (betong, tømrar) og restaurant og matfag. Det blir peika på at det har vore noko etterslep når det gjeld å dimensjonere tilbodet etter at byggnæringa hadde ein dårleg periode i regionen og tok inn færre lærlingar enn tidlegare.

I intervju blir det vidare peika på at det er viktig at klassar ikkje blir lagt ned sjølv om søknadstala burde vore betre. Eit av omsyna som blir vektlagd ved eit av opplæringskontora, er at ein må unngå at bransjen gjev opp å få lærlingar og dermed reduserer sitt tilbod.

#### **4.11.2 Elevar som ikkje får lærekontrakt**

Revisjonen har fått opplyst at av dei elevane som ikkje får ønskja sine oppfylt med omsyn til lærepass, vil om lag 20 til 30 personar kvart år bli ståande igjen utan tilbod om vidaregåande opplæring. Desse elevane vil bli følgt opp av Oppfølgingstenesta og motta nye tilbod om opplæring.

Av KOSTRA-tal går det fram prosentdel søkerar til elev og/ eller lærepass som står utan plass per 1.oktober kvart år. Tala viser at både i Sogn og Fjordane, Vest- Noreg og landet elles varierer den prosentvise delen noko frå år til år. I Sogn og Fjordane var prosentdelen 9,6 % i 2012. Dette var noko lågare enn i 2011 (10,1 %) og noko høgare enn i 2010 (8,7 %).

**Tabell 6: Prosentdel søkerar som ikkje får plass<sup>22</sup>**

Prosentdel søkerar som ikkje har fått plass	2010	2011	2012
Sogn og Fjordane	8,7	10,1	9,6
Landet	9,9	10,6	10,4
Vest - Noreg	8,8	10	9,9

Årsakene til at elevar ikkje har fått lærekontrakt blir mellom anna opplyst å vere mangel på lærepassar i faget, at eleven har hatt høgt fråvær i skuletida eller at dei ikkje har dokumentert/bestått den teoretiske delen for faget.

Av intervju går det fram at Opplæringsavdelinga 1.oktober kvart år får ei oversikt frå VIGO systemet over alle søkerar som ikkje har tatt imot tilbod om lærepass eller skule. Dette blir sendt over til Oppfølgingstenesta for at dei skal følgje opp dei de gjeld. For ungdom med utdanningsrett prøver fylkeskommunen å lage eit tilpassa tilbod, gjerne i samarbeid med NAV. Ungdommane kan takke nei til tilboden, men revisjonen får opplyst at oppfølgingstenesta vil fortsette å gje dei tilbod om utdanning så lenge dei har ungdomsrett.

#### **4.11.3 Tiltak for å auke tale på lærepassar**

Revisjonen har fått opplyst at Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2012 fekk 64 nye eller revitaliserte lærebedrifter. Av intervju går det fram at opplæringsavdelinga i fylkeskommunen har tilsett ein person som mellom anna arbeider med å skaffe nye lærebedrifter. Det er utarbeidd ein

<sup>22</sup> KOSTRA-tala for 2012 er per april 2013

rutine for formidling av elevar til bedrifter: «Fagopplæring – formidling til bedrift, årshjul».<sup>23</sup> Av denne rutinen går det fram at fylkeskommunen ved team for inntak og formidling, i januar kvart år sender ut brev til opplæringskontora og sjølvstendige bedrifter med spørsmål om å inngå intensjonsavtale med fylkeskommunen om å ta inn lærlingar i ulike fag. Svarfristen er i slutten av januar og avtalane blir registrerte på bedriftene i VIGO, som dannar grunnlaget for formidlinga av læreplassar.

Av intervju går det fram at det ofte er skulane som opprettar kontakt med nye bedrifter gjennom Prosjekt til fordjuping, og mange elevar får læreplass i dei bedriftene dei har vore utplasserte. Rekruttering av nye lærebedrifter skjer ofte ved at ein elev søker om læreplass i ei bedrift som pr. dato ikkje er godkjend, og at bedrifta derfor må søkje om godkjenning.

Fagopplæringsnemnda har vedtak fleire tilskotsordningar til lærebedrifter. Dei har mellom anna vedteke eit budsjett på 1 500 000 kr for å kunne tildele 30 000 kr til kvar ny lærebedrift, eller bedrift som ikkje har hatt lærling dei siste to åra. Som nemnt ovanfor kan fylkeskommunen også gje økonomisk støtte til bedrifter som tek inn ungdom som det er vanskeleg å finne læreplass til.

Av intervju går det fram at det også blir gjeve tilskot til bedrifter som tar inn lærlingar med feil VG2 bakgrunn i høve til det faget bedrifta representerer. Det blir vist til at det har vore ein aukande tendens dei seinare åra til at elevar som til dømes kjem frå idrettsfag kan få overgang til fagutdanning utan å starte på nytt på VG1 og VG2. Dette krev ein ekstra innsats frå lærebedriftena i opplæringa, som fylkeskommunen tilbyr økonomisk støtte til. Det blir vidare opplyst at det er ein tendens til at for mange elevar vel fag som det ikkje er særleg stort behov for arbeidskraft innanfor. Dermed er det også fleire som har behov for å kunne gå over i lære innanfor eit fag dei ikkje har følgt utdanningsprogrammet for.

#### **4.11.4 Bedriftene og samfunnsansvar**

Frå Opplæringsavdelinga blir det peika på at dei fleste bedrifter tenkjer mest på rekruttering til eiga bedrift og eigen bransje, og er ikkje like bevisste på samfunnsansvaret dei har for å gje opplæring. Erfaringa er at den einskilde bedrifta ikkje er så bevisste på samfunnskontrakten, eller avtalen mellom partane i arbeidslivet og staten, der næringslivet har forplikta seg til å bidra med fagopplæring gjennom å gje opplæring i bedrift. Nokre bedrifter gjev likevel opplæring til lærlingar sjølv om dei ikkje har jobb til dei etterpå.

Det blir også peika på at LO og NHO i fylket har revitalisering av samfunnskontrakten som satsingsområde. I intervju går det fram at leiinga for fagopplæringa i fylkeskommunen alltid minner om samfunnskontrakten i møte med næringslivet.

#### **4.11.5 Læreplassar i fylkeskommunen**

Fylkeskommunen har ein til to læreplasser i eigen administrasjon innanfor kontor/ IKT. I tillegg har dei vidaregåande skulane fem plassar til lærlingar innanfor IKT. I intervju blir det peika på at fylkeskommunen ikkje er eit godt forbilde når det gjeld å ta imot lærlingar. Manglande tilgang til kontorplassar, økonomi, få reine merkantile oppgåver og det at mange oppgåver krev høgskuleutdanning blir nemnt som årsaker til at fylkeskommunen ikkje har fleire lærlingar i eigen organisasjon.

---

<sup>23</sup> Ikke datert.

# 5. Vurderingar

## 5.1 Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram

Fylkeskommunen har først og fremst eit ansvar for å syte for utdanningstilbodet til unge med opplæringsrett. Det er arbeidslivet sjølv som har ansvaret for å rekruttere den arbeidskrafta dei har behov for.

Samarbeid med rådgjevarar i grunnskulane om rekruttering til yrkesfag skjer hovudsakleg gjennom samarbeid om faget «Utdanningsval» på ungdomsskulen. Samarbeidet inneber at elevar i 9. og 10. trinn kan hospitere i vidaregåande skule og prøve ut yrkesfag over eit par dagar. Ein del elevar i undersøkinga hugsa ikkje så mykje av faget, og mange sakna meir informasjon om yrkesfag og bredda i utdanningsprogram. Revisjonen si vurdering er likevel at hospitering som informasjonskjelde i rekrutteringsarbeidet ser ut til å fungere godt. Dette er fordi elevane melder tilbake at dette er det tiltaket dei opplevde som mest nyttig. Elevane la elles vekt på at informasjon gitt av elevar frå vidaregåande skule er lærerikt, og revisjonen anbefaler at fylkeskommunen vurderer å stimulere til auka bruk av elevar i rettleatings- og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomskuleelevarne.

Av undersøkinga går det fram at rådgjevarane i vidaregåande skule og grunnskule har eit felles forum gjennom den årlege rådgjevarsamlinga arrangert av fylkeskommunen, der det blir tatt opp ulike relevante tema. Oppfølgingstenesta og opplæringskontora blir også inviterte til møta. Tilbakemeldingane frå dei som er intervjua i undersøkinga er at rådgjevarsamlingane fungerer godt.

Fylkeskommunen arrangerer næringsreiser for rådgjevarar og lærarar i både vidaregåande skule og ungdomskular. I 2012 blei det arrangert fire næringsreiser med plass til om lag 20 deltakarar i kvar. Tilbodet blir opplyst å få gode tilbakemeldingar.

Yrkesrettleiing i vidaregåande skule og rettleiing av elevar som skal søkje lærepllass blir i undersøkinga veklagt å vere knytt til:

- Fagleg rettleiing
- Rettleiing om arbeidslivet
- Informasjon om arbeidsmarknaden
- Rettleiing knytt til det å søkje lærepllass

Det går fram av undersøkinga at stillingsdel sett av til rådgjevingsarbeid varierer mellom skulane, og at det er viktig å synleggjere at rådgjeving av elevar er heile skulen sitt ansvar. Det kjem vidare fram at det oftast er faglærarane som står for den faglege rettleiinga av elevane. Elles varierer det mellom skulane korleis rettleiinga og informasjonsarbeidet blir gjort, og i kva grad faglærarar og rådgjevarar har ansvar og deltek i dei ulike rettleatingsoppgåvene. Undersøkinga viser at det kan vere behov for auka grad av erfaringsutveksling og samarbeid mellom vidaregåande skular til dømes knytt til faget «Prosjekt til fordjuping».

Undersøkinga viser vidare at elevar og lærlingar opplever at rådgjevingstilbodet ved dei vidaregåande skulane har varierande nytteverdi når dei skal søkje lærepllass. Prosjekt til fordjuping blir av elevane framheva som det viktigaste tiltaket som gjev dei informasjon om yrkeslivet når dei skal gjere yrkesval og søkje lærepllass. Det er derfor uheldig at skulane ikkje lukkast med å skaffe praksisplass til alle elevar innanfor alle fagområde.

Elevar på yrkesfaglege studieprogram opplyser sjølv å ha stort utbytte av at lærlingar som alt har fått lærekontrakt kjem og informerer om korleis det er å vere i lære innanfor ulike fag. Revisjonen vurderer at det derfor er viktig å prioritere slikt informasjonsarbeid i dei vidaregåande skulane.

Fylkeskommunen sine nettsider er etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg strukturerte til at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon. Nettsidene bør derfor etter revisjonen si vurdering omarbeidast med tanke på betre struktur og kven som er målgruppa for ulike typar informasjon.

Oppsummert viser undersøkinga at følgjande tiltak er særleg viktige når det gjeld rettleiing og rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Samarbeid om faget Utdanningsval, inkludert hospitering og informasjon gitt av elevar til elevar.
- Erfaringa elevane får gjennom Prosjekt til fordjuping. Alle elevar innanfor alle fag bør sikrast praksisplass.
- Godt systematiserte nettsider med informasjon retta mot høvesvis elevar, rådgjevarar og bedrifter.
- At lærlingar informerer elevar i VG1 og VG2 om læretida.

## 5.2 Oppfølging av elevar som det er vanskeleg å formidle

Undersøkinga viser at eit område der Sogn og Fjordane ikkje har like gode tal som resten av landet og Vest- Noreg, er prosentdel sokjarar som har blitt lærling per 1. oktober. Det er likevel positivt at det er sett i verk tiltak på dette området, og at fylkeskommunen mellom anna prøver å få oversikt over elevar det kan bli vanskeleg å formidle læreplass til, tidlegare på året. Ein person arbeider med å skaffe læreplassar til dei det gjeld, og vedkomande får i mars månad informasjon om kva elevar som har låg poengsum og som kan vere vanskelege å formidle. Vidare tek vedkomande kontakt med aktuelle bedrifter for å få til avtale om prøvetid for ungdom som ønskjer dette. Bedriftene får tilskot for å ta imot dei elevane det gjeld, eventuelt får dei dekkja løn for lærlingen i prøvetida dersom det ikkje blir inngått lærekontrakt.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har eit godt opplegg for å følgje opp elevar som strevar med å skaffe læreplass, og kontakte bedriftene for å kartlegge om dei ønskjer å ta inn lærlingar.

## 5.3 Tilbod til lærekandidatar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har oppretta ei eiga stilling som mellom anna skal bidra til å sikre eit godt tilbod til lærekandidatar. Dette gjer at fylkeskommunen, på bakgrunn av det som kjem fram i undersøkinga, synest å gje god oppfølging til elevar som er aktuelle for lærekandidatordninga. Det kjem likevel fram i undersøkinga at denne ordninga kunne vore nytta i større grad, og for eit breiare spekter av unge som ønskjer å ta fagutdanning utan å måtte ta ordinært fagbrev. Revisjonen vil derfor anbefale at fylkeskommunen arbeider vidare med å sikre god informasjon om lærekandidatordninga.

Undersøkinga viser at dersom bedrifter skal ta inn fleire lærekandidatar, er det eit ønskje om at bedriftene får større incentiv til å gjere dette. Dette kan mellom anna gjerast ved bruk av tilskot. Mange lærekandidatar får i dag opplæringsplass i ulike arbeidsmarknadsbedrifter. I 2012 fekk alle elevar som ønskja å følgje lærekandidatordninga opplæringsplass.

## **5.4 Samsvar mellom utdanningsprogramma innan yrkesfagleg utdanning, ønskja til elevane, behova i næringslivet og politikarane sine forventningar**

I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det bestemt at talet på skuleplassar innanfor ulike fag skal avgjerast av Hovudutval for opplæring. Hovudutvalet får anbefalingar frå Fagopplæringsnemnda som har henta inn opplysningar om behovet i næringslivet. Dei ser vidare på søkjartala til ulike utdanningsprogram og økonomiske rammer for vidaregåande opplæring i fylkeskommunen. Informasjon om elevane sine ønskjer om yrkesfagleg utdanning er også basert på historiske søkjartal, og elevane er representerte i Fagopplæringsnemnda. Basert på dette er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har gode system for å innhente informasjon for å fremje forslag til hovudutvalet om dimensjonering av utdanningsprogram for politisk avgjerd.

Innan bilfaget har det vore mangel på lærepllassar, og fylkeskommunen har oppretta eit tilbod om praksis på VG3 for at elevane skal kunne gå opp til fagprøve.<sup>24</sup> Oversikter frå fylkeskommunen viser at 107 søkerar ikkje fekk ønskja lærepllass. Mange av desse elevane får andre tilbod, og undersøkinga viser at årleg er det 20-30 søkerar til lærepllassar som blir ståande utan eit tilbod om vidaregåande opplæring som dei kunne tenkje seg.

Undersøkinga viser vidare at det i 2012 särleg innan helsearbeidarfaget og salsfaget var lærepllassar som ikkje fekk søkerar. Innan helsearbeidarfaget er det mange elevar som ønskjer å ta påbygg for å få studiekompetanse.

Oppsummert viser undersøkinga at:

- Fylkeskommunen har gode system for å innhente informasjon for å fremje forslag til hovudutvalet om dimensjonering av utdanningsprogram for politisk avgjerd.
- 107 søkerar fekk ikkje ønskja lærepllass i 2012. Om lag 20-30 elevar som søker lærepllass blir årleg ståande utan eit tilbod om vidaregåande opplæring som dei kunne tenkje seg.
- Det var särleg innan helsearbeidarfaget og salsfaget at det i 2012 var lærepllassar som ikkje hadde søkerar.

## **5.5 Rutinar for opprettning og godkjenning av lærepllassar**

Undersøkinga viser at det er regionskontora som godkjenner lærebedrifter og lærekontraktar som blir inngått med kvar enkelt bedrift. Godkjenninga gjeld i to år. Opprettning av nye lærepllassar skjer ofte ved at skulane og elevane sjølv finn fram til bedrifter som er aktuelle.

Fylkeskommunen har nyleg utarbeidd ein skriftleg rutine for godkjenning av lærebedrifter. Rutinen forklarer på ein oversiktleg måte kva lovverk som er relevant i samband med godkjenning av lærebedrifter, men inneheldt ein link til rundskriv F-21/95 om krav til fagleg leiari som ikkje lenger er gjeldande. Rundskrivet nemner likevel relevante punkt knytt til vurdering av fagleg leiari. Av rutinen går det fram at regionkontora kan gjennomføre bedriftsbesøk hjå frittståande bedrifter for å hente inn dokumentasjon på fagleiar sin formelle kompetanse. Rutinen for godkjenning av lærebedrifter er ikkje datert og gjev ikkje tydeleg oversikt over kven som har ansvar for å utføre kva oppgåver. Etter revisjonen si vurdering bør rutinen derfor reviderast slik at ansvarsfordelinga går tydeleg fram.

Fylkeskommunen sin rutine for godkjenning av lærebedrifter skildrar ikkje korleis fylkeskommunen skal sikre at lærebedrifter er fagleg vurdert av fagopplæringsnemnda jamfør opply. § 4-3, 1. ledd, og fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide rutinar også for dette arbeidet.

I undersøkinga kjem det fram at eit opplæringskontor har erfart at godkjente lærebedrifter som har blitt innlemma i kontoret ikkje hadde nødvendig dokumentasjon på plass for å innfri krav som

<sup>24</sup> Følgjande setning er tatt ut av vurderinga på bakgrunn av opplysningar som kom fram i fylkesrådmannen sin høyningsuttale: «Det kjem fram i undersøkinga at det särleg innanfor yrkessjáførfaget og industrimekanikarfaget har vore for mange søkerar i høve til talet på lærepllassar.»

lærebedrift. Revisjonen meiner dette indikerer at det kan vere behov for betre rutinar knytt til kontroll av kvalifikasjonane til fagleg leiari i dei frittståande lærebedriftene.

Av intervju går det fram at regionkontora godkjenner alle lærekontraktar anten dei er knytt til frittståande bedrifter eller til bedrifter som er organisert i opplæringskontor. Fylkeskommunen har ikkje utarbeidd rutinar for kva krav som må vere innfridd for at fylkeskommunen skal godkjenne ein lærekontrakt, og etter revisjonen sitt syn bør fylkeskommunen vurdere å utarbeide dette.

Fylkeskommunen har ein person som har særleg ansvar for å ta kontakt med bedrifter som er godkjent som lærebedrift, men som ikkje har tatt inn lærlingar, for å høyre om dei kan tenkte seg å ta inn lærlingar. Det er etter revisjonen si vurdering positivt at fylkeskommunen har fokus på å arbeide for at godkjente lærebedrifter tar inn lærlingar.

Undersøkinga viser at fylkeskommunen som arbeidsgjevar for lærlingar er særleg aktuell innanfor kontorfag og IKT. Fleire av dei vidaregåande skulane fungerer som lærebedrifter og har totalt fem læreplassar. Fylkesadministrasjonen tilbyr læreplassar i svært avgrensa omfang. Etter revisjonen si vurdering bør fylkeskommunen vurdere kva potensiale det er for å tilby fleire læreplassar i eigen organisasjon.

## 5.6 System og rutinar for oppfølging av lærlingar

Fylkeskommunen gjennomfører årlege dialogsamtalar med opplæringskontora, der dei mellom anna går gjennom korleis opplæringskontora følgjer opp sine medlemsbedrifter og kontrollerer at det blir gjennomført halvårssamtalar med lærlingane. Det er utarbeidd eit eige skjema knytt til kvalitetsdialogen. Etter revisjonen si vurdering er dette eit godt system for å sikre at lærlingar i opplæringskontora sine medlemsbedrifter får den oppfølginga dei skal ha.

Undersøkinga viser at opplæringskontora har litt ulike opplegg for korleis dei sikrar at lærlingane blir følgt opp. Nokre har elektroniske rapporteringssystem der ulike delar av opplæringsplanen blir kvittert ut elektronisk etter kvart som dei er gjennomført, og der systemet sender varsling dersom planlagte aktivitetar ikkje er gjennomførte. Andre opplæringskontor reiser ut på besøk til lærlingar i bedriftene.

Fylkeskommunen gjennomfører ei elektronisk spørjeundersøking til alle dei frittståande lærebedriftene for å innhente lovpålagt rapportering. Resultata i undersøkinga viste at 20 % av elevane ikkje hadde intern opplæringsplan. Vidare kom det fram at mellom 5 og 10 % av bedriftene ikkje hadde system for opplæring i alle mål, eller har gjennomført halvårssamtale minimum kvart halvår. Svara i undersøkinga er meint å utgjere eit grunnlag for vidare oppfølging frå fylkeskommunen si side. I høyrsutala frå fylkesrådmannen blir følgjande presisert:

«Når det gjeld oppfølging av frittståande lærebedrifter vil fylkesrådmannen presisere at dei vert følgde opp med utgangspunkt i den årlege rapporteringa. Bedrifter som har avvik i høve lov og forskrift får besøk frå eitt av regionskontora. Regionskontora gir i første runde tilbod om hjelptil å utabreide individuell læreplan, mal for halvtårssamtale eller andre former for rettleiing. Fylkeskommunen er på tilbodssida, og bedrifta får ein tidsfrist for å rette på tilhøva.»

Regionkontora i fylkeskommunen besøkjer og følgjer opp frittståande lærebedrifter ein gong i året. Det er ikkje utarbeidd rutine eller eit systematisk opplegg for kva bedriftsbesøka skal ha fokus på, og kva type dokumentasjon fylkeskommunen skal be om. Revisjonen meiner fylkeskommunen bør utarbeide system og rutinar for oppfølging av frittståande lærebedrifter, for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.

I samband med dette anbefaler revisjonen at fylkeskommunen ser nærmare på kva rapporteringssystem opplæringskontora nyttar, for å vurdere om det er mogleg å nytte element frå desse systema for å legge til rette for god oppfølging av lærlingar i frittståande bedrifter. Eit elektronisk registreringssystem kan bidra til å sikre at små bedrifter får kunnskap om kva område det er forventa at dei skal følgje opp lærlingen på, samtidig som fylkeskommunen bidrar til å sikre at halvårssamtalar blir gjennomført og at opplæringsplanar blir utarbeidde og følgt.

Det kjem fram av undersøkinga at lærlingar i opplæringskontor blir følgt tettare opp enn lærlingar i frittståande bedrifter. Det kjem vidare fram at ein i stor grad er avhengige av at lærlingar eller bedrifter sjølv tar kontakt med opplæringskontor eller regionkontor dersom det oppstår vanskar i læreforholdet. Revisjonen meiner det vil vere enklare for lærlingar å ta opp problem med eit opplæringskontor som dei har månadleg kontakt med, framfor eit regionkontor som dei treffer ein gong i året. Dette medfører etter revisjonen si vurdering at lærlingar i bedrifter som er medlemmer av opplæringskontor, har større tryggleik i læreforholdet enn lærlingar i frittståande bedrifter. Revisjonen meiner vidare at dette understrekar viktigheita av at fylkeskommunen etablerer betre system for oppfølging av dei frittståande lærebedriftene.

Eit mål i fylkeskommunen sin strategi «God-betre-best» som revisjonen vil framheve er at «Lærarar og instruktørar har høg vurderingskompetanse». Undersøkinga har vist at det er utfordringar knytt til å få tilsette i mindre, frittståande bedrifter til å gjennomføre instruktørkurs. Revisjonen vil tilrå at fylkeskommunen har auka merksemrd mot dette området, og at dei prøver å hente innspel frå bedriftene sjølv om korleis eit slikt opplæringstilbod best kan utformast, til dømes i form av nettbaserte kurs, kveldskurs eller liknande. I tillegg vil revisjonen som tidlegare nemnt føreslå at det blir vurdert om ein skal utarbeide elektroniske rapporteringssystem, som kan bidra til å innfri målet om at «Kvaliteten på opplæringa vert sikra gjennom gode system for rapportering og oppfølging», og som kan bidra til å få fokus på at lærlingar har opplæringsplanar og at det blir gjennomført halvårssamtalar.

## 5.7 Fråfall og bortval ved yrkesfaglege studieprogram

Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane har utarbeidd mål- og strategidokumentet: «*God – betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2013.*» Dokumentet definerer overordna mål og ønska tilstand for vidaregåande opplæring innan 2015. Eit av måla i strategien er at: «*Alle elevar og lærlingar møter ei opplæring dei kan meistre og vekse på.*»

Dei samanlikningane revisjonen har gjennomført i denne undersøkinga, viser at Sogn og Fjordane på mange område har gode resultat å vise til innan vidaregåande opplæring generelt og fagopplæring spesielt. Fylket har relativt sett høg prosentdel innbyggjarar i vidaregåande opplæring, høg prosentdel elevar og lærlingar som fullfører opplæringa på normert tid og høg prosentdel lærlingar som består fagprøve. Fylkeskommunen har lukkast med å auke talet på elevar og lærlingar som fullfører vidaregåande opplæring frå 2010 til 2011.

Sogn og Fjordane har i mindre grad enn andre delar av landet utfordringar med at unge ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Hovudårsaka til fråfall/bortval i vidaregåande skule er knytt til personlege årsaker og at ein del menn manglar motivasjon til å fullføre yrkesfaga. Heving av lærekontraktar og opplæringskontraktar for lærekandidatar før dei har oppnådd formell kompetanse, er også hovudsakeleg knytt til personlege årsaker. På bakgrunn av det som kjem fram i undersøkinga, er det revisjonen si vurdering at fylkeskommunen har gode system for å følgje opp elevar og lærlingar som ikkje klarer å følgje eit vanleg opplæringsløp, og det er ein liten prosentdel unge som ikkje oppnår formell kompetanse. Revisjonen vil i den samanheng også peike på at dei fleste som ønskjer å få ei form for formell kompetanse på vidaregåande nivå i Sogn og Fjordane fylkeskommune har gode moglegheiter for å få den tilrettelegginga som skal til for å kunne klare det.

Ei utfording er likevel knytt til at det er ein del elevar som har vedtak om spesialundervisning på VG1 og VG2, som ikkje ønskjer å vere opne om dette når dei søker lærepass. Undersøkinga viser at det er elevar som blir oppmoda til ikkje å opplyse potensielle lærebedrifter om at dei har hatt spesialundervisning på skulen, fordi dette kan føre til at dei ikkje får tilbod om lærepass. Undersøkinga viser vidare at dette gjer at ein del elevar ikkje får den oppfølginga dei treng når dei går over i lære. Dette kan utgjere ein risiko for at lærlingar får vanskelege erfaringar i læretida, at dei gir opp opplæringa eller at bedriftene gir dei opp. Fylkeskommunen bør derfor prioritere å gje god informasjon til elevar og foreldre om korleis det er mogleg å legge til rette for lærlingar og eventuelt nytte lærekandidatordninga, med det føremål å få fleire elevar til å vere opne om kva behov dei har for tilrettelegging.

Av undersøkinga går det fram at unge som står utan lærekontrakt etter fullført VG2 vil få tilbod om oppfølging av Oppfølgingstenesta, som kan bistå med å lage eit tilrettelagt tilbod, kontakte aktuelle bedrifter med meir. Dersom Oppfølgingstenesta ikkje lukkast i å finne fram til eit eigna tilbod til ungdomen, vil saka bli sendt over til fylkeskommunen sentralt som arbeider med slike særskilte saker.

Etter revisjonen si vurdering er det positivt at fylkeskommunen har prioritert å nytte ekstra statlege tilskot til særskilt oppfølging av elevar som ikkje får lærekontrakt. Dette bidrar til at færrest mogleg står utan tilbod etter at dei har valt yrkesfaglege studieprogram.

## 5.8 **Arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutta læretid**

Generelt går det fram av undersøkinga at dei som har fagbrev stort sett vil få fast jobb i Sogn og Fjordane. Mange bedrifter tar inn lærlingar basert på behov i eiga bedrift, og mange av lærlingane får jobb der når dei har bestått fagprøva. Det blir også vist til at innanfor enkelte bransjar er det mange ufaglærte i arbeid, og dersom ein har fagbrev innanfor slike bransjar er ein sikra gode stillingar dersom ein blir buande i fylket, ofte som leiarar i bedriftene.

Fylkeskommunen har ikkje statistikk som viser i kva grad lærlingar får jobb etter læretida. Dersom unge blir ståande utan jobb etter avslutta læretid, og ikkje lengre har rett til vidaregåande opplæring (jf. oppli § 3-3), er det NAV som har ansvar for å finne fram til aktuelle tilbod til den enkelte.

# 6. Tilrådingar

Revisjonen vil tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune

1. Vurderer auka bruk av elevar i rettleatings- og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomskuleelevar.
2. Legg til rette for meir samarbeid og meir erfaringsutveksling mellom dei vidaregåande skulane til dømes når det gjeld faget Prosjekt til fordjuping.
3. Prioriterer arbeidet med å skaffe praksisplass i Prosjekt til fordjuping til alle elevar på vidaregåande skule.
4. Oppmodar dei vidaregåande skulane til å nytte lærlingar i informasjonsarbeid knytt til yrkesval og yrkesliv i vidaregåande skule.
5. Gjennom målretta informasjonsarbeid arbeider for at fleire elevar vel å vere opne om behov for tilrettelagt opplæring når dei søker lærepass i bedrift.
6. Vurderer om lærekandidatordninga kan vere aktuell for fleire elevar, og sikrar god informasjon om denne moglegheita.
7. Sikrar at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturerert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon.
8. Utarbeider eller justerer rutinar, under dette:
  - a. Reviderer rutine for godkjenning av lærebodriftar slik at det tydeleg går fram kven som har ansvar for å utføre kva oppgåver.
  - b. Utarbeider rutine som sikrar at lærebodriftar blir fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.
  - c. Utarbeider rutine som skildrar kva krav som må vere innfridd for at ein lærekontrakt skal godkjennast.
  - d. Utarbeider system og rutinar for oppfølging av frittståande lærebodriftar for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte, og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.
9. Vurderer å utarbeide eit elektronisk registreringssystem som kan vere eit hjelpemiddel for dei frittståande lærebodriftene i oppfølginga av lærlingar.
10. I samråd med bedriftene utviklar eit opplæringstilbod til instruktørar som legg til rette for at faglege leiarar/instruktørar i små bedrifter kan delta.
11. Vurderer moglege tiltak for å tilby fleire lærepassar i eigen organisasjon.

# Vedlegg 1: Høyringsuttale



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen  
5892 Bergen

Side 1 av 5

## Opplæringsavdelinga

**Sakshandsamar:**  
Olav Njos  
E-post: Olav.Njos@sfj.no  
Tlf.:

**Vår ref.**  
Sak nr.: 12/9033-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internet l.nr.**  
17519/13  
**Dykkar ref.**

**Dato**  
LEIKANGER, 24.05.2013

## Svar - Revidert høyringsutkast - forvaltningsrevisjon av fagopplæring og tilbodet til lærlingar

### Uttale til vurderinger og forslag til tiltak

Generelt er det i rapporten er peikt på fleire tiltak som ikkje gjev den ønska effekten. Fylkesrådmannen ser gjerne at det i rapporten kunne vore gjort vurderinger av tiltak som med fordel kan takast bort og eventuelt erstattast med nye tiltak.

Fylkesrådmannen har også peikt på tilrådingar han meiner er oppfylt med eksisterande praksis og som med fordel kan takast bort.

**5.1 Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre rekruttering til yrkesfaglege utdanningsprogram**  
Fylkesrådmannen er samd i vurderinga om at rekruttering ikkje primært er fylkeskommunen si oppgåve. God yrkesrettleiing er viktig, og fylkesrådmannen ser at nettsida til fylkeskommunen kan gjerast betre med tanke på å finne fram til god og relevant informasjon.

Langt dei fleste elevar i Vg2 yrkesfag er utplassert i bedrift i faget « Prosjekt til fordjupung ». Det blir jobba målretta ved dei vidaregåande skulane for at alle elevar skal få utplassring i faget. Alle dei vidaregåande skulane har arbeidslivskontakt som m.a arbeider for å få på plass partnarskapsavtalar med lokalt arbeids- og næringsliv. Samarbeid om Prosjekt til fordjupung er eitt av punkta i avtalane, og sjølvsagt også viktig for bedriftene med tanke på rekruttering.

Det er oppretta fagnettverk både på fylkesnivå og lokalt rundt den enkelte skule i alle yrkesfaglege utdanningsprogram. I nettverka er både arbeids- og næringsliv og faglærarar frå Vg1 og Vg2 med. Prosjekt til fordjupung er eit viktig punkt i mandatet.

Ein ser eit potensiale for betra yrkesrettleiing i å bruke lærlingar meir aktivt i rettleiinga.

### **5.2 Oppfølging av elevar som det er vanskeleg å formidle**

Fylkesrådmannen vil presisera at teljedatoen 1. oktober gjev eit misvisande uttrykk fot tal sokjarar som ikkje har fått lærepass. Dei fleste lærekontraktar vert godkjende i september og oktober, og alle er såleis ikkje registrerte ved teljedato.

Erfaring frå fleire år syner at det rundt 1. oktober står att 20-30 sokjarar som ikkje er formidla. Dei to siste åra har 7-10 av desse vorte tilbydde alternativt Vg3 i skule. Andre har fått tilbod om kjøp av Vg3-plass i andre fylke. Målsetjinga er å gje absolutt alle eit tilbod.



### 5.3 Tilbod til lærekandidatar

Bedrifter som skriv opplæringskontrakt med ein lærekandidat får vanleg lærlingtilskot. I tillegg blir det i dei aller fleste tilfelle tildelt midlar til spesialpedagogiske tiltak.

### 5.4 Samsvar mellom utdanningsprogramma innan yrkesfagleg utdanning, Ønskja til elevane, behova i næringslivet og politikarane sine forventningar

Talgrunnlaget tek utgangspunkt i tilmelde intensjonsavtalar og samanliknar desse med tal søkarar. Det er ikkje alle bedrifter som melder inn behov for lærepllass til rett tid, og nokre søkarar gjør om på sine val i løpet av formidlinga. For nokre av faga vert då utsлага store, og gjev eit feil bilet av situasjonen.

Fylkesrådmannen sin kommentar er at det i yrkessjäførfaget i 2012 var for få søkerar i høve tal lærepllassar. Også i industrimekanikarfaget fekk alle eit tilbod om lærepllass i dette faget eller eit beslektta fag. Når det gjeld bilfaga er fylkesrådmannen samd i vurderinga

Det er ikkje rett at 107 søkerar ikkje fekk ønska lærepllass. Jf. kommentar i pkt. 5.2 om teljedato 1. oktober. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å få lærebedriftene/opplæringskontora til å inngå avtale om kontrakt tidlegare enn no.

### 5.5 Rutinar for oppretting og godkjenning av lærepllass.

Ansvaret for godkjenning av lærebedrifter og opplæringskontor er lagt til fylkeskommunen jf. opplæringslova § 4-3 og forskrifta § 11-1. Lov og forskrift skil ikkje mellom godkjenning av enkeltståande bedrifter og opplæringskontor.

Fagopplæringsnemnda vedtok i sak 6/10 lokale retningslinjer for slik godkjenning av opplæringskontor der ein i punkt 3 slår fast at fylkeskommunen skal godkjenne den enkelte bedrifta. I punkt 6 vert det vidare slege fast at fagopplæringsnemnda skal gje fagleg vurdering før godkjenning av nye opplæringskontor heimehøyrande i Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen si vurdering er at arbeidsdelinga mellom nemnda og fylkeskommunen i saker om godkjenning av lærebedrifter er tilstrekkeleg avklara gjennom desse retningslinjene.

Det blir i vurderinga vist til at opplæringskontor har erfart at godkjent lærebedrift som er blitt innlemma i opplæringskontor ikkje hadde nødvendig dokumentasjon på plass for å fylle krava som lærebedrift. Dette kan vera årsak til at bedrifta/ene nettopp vel å gå inn i eit opplæringskontor.

Når det gjeld rutinar for godkjenning av lærekontraktar er det fylkesrådmannen si vurdering ar krava til godkjenning går klart fram av kontraktformularet. Når alle opplysningar er på plass i kontrakten er den klar for godkjenning.

### 5.6 System og rutinar for oppfølging av lærlingar

Når det gjeld oppfølging av frittståande lærebedrifter vil fylkesrådmannen presisere at dei vert følgde opp med utgangspunkt i den årlege rapporteringa. Bedrifter som har avvik i høve lov og forskrift får besøk frå eitt av regionskontora. Regionskontora gir i første runde tilbod om hjelptil å utabreide individuell læreplan, mal for halvtårssamtale eller andre former for rettleiing. Fylkeskommunen er på tilbodssida, og bedrifta får ein tidsfrist for å rette på tilhøva. Bedrifta vert også oppmoda om å sende fagleg leiar og instruktørar på instruktørkurs. Dei frittståande bedriftene rapporterer på nøyaktig dei same område som opplæringskontora gjør gjennom kvalitetssdialogen. Regionskontora har også kontakt med lærlingar og lærebedrifter via telefon og e-post utanom dei årlege besøka. Fylkesrådmannen stiller seg undrande til kven som har vore informatar i pkt. 5.6, 6. avsnitt.

### 5.7 Fråfall og bortval ved yrkesfaglege studieprogram (utdanningsprogram)

Fylkesrådmannen gjer merksam på at det statlege ekstratilskotet til fagopplæring m.a. vert nytta til søkerar til lærepass som er vanskelege å formidle med bakgrunn i svakt eller manglende karaktergrunnlag, stort fråvær, nedsett ordenskarakter. T.d. kan bedriftene få prøve ut søkeren i ein periode, med klar målsetjing om å skrive lærekontrakt.

### 5.8 Arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutt læretid.

Fylkeskommune har ansvar for at alle med ungdoms- og vaksenrett får fullført vidaregåande opplæring, men det er ikkje er fylkeskommunen sitt ansvar å skaffe arbeid til lærlingane etter avgjort fagprøve. Det er likevel ei målsetjing at dimensjoneringa av opplæringstilbodet i fylket i størst mogeleg grad bør samsvara med arbeids- og næringsliv sitt behov for faglært arbeidskraft.

## 6 Tilrådingar

1. Vurdere auka bruk av elevar i rettleiings og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomsskuleelevar.  
Fylkeskommunen oppmodar gjennom skulebesøk, kvalitetsdialog med opplæringskontor og arbeid i fagnettverk til å nytte elevar, lærlingar og unge fagarbeidarar i yrkesrettleiinga.
2. Legge til rette for meir samarbeid og meir erfaringsutveksling mellom dei vidaregåande skulane til dømes når det gjeld faget Prosjekt til fordjuping.  
Dette vert ivaretakne i rektormøte og skulebesøk og møte mellom rektorane og opplæringskontora. Fylkesrådmannen rår til at denne tilrådinga vert teken ut.
3. Prioritere arbeidet med å skaffe praksisplass i Prosjekt til fordjuping til alle elevar i vidaregåande skule.  
Alle skular har 50 % stillingsressurs som arbeidslivskontakt som arbeider aktivt med å skaffe praksisplassar til prosjekt til fordjuping. Vidare arbeider fagnettverka med dette.
4. Oppmodar dei vidaregåande skulane til å nytte lærlingar i informasjonsarbeidet knytt til yrkesval og yrkesliv i vidaregåande skule.  
Jf. Fylkesrådmannen sin kommentar pkt. 1
5. Gjennom målretta informasjonsarbeider for at fleire elevar vel å vera opne om behov for tilrettelagt opplæring når dei søker lærepass i bedrift.  
Dette har vore tema på fellesmøte mellom rektorane og opplæringskontora, og vil bli følgjt opp i møte med PP-tenesta.
6. Vurdere om lærekandidatordninga kan vere aktuell for fleire elevar, og sikre god informasjon om denne moglegheita.  
Informasjon om lærekandidatordninga kan gjerast betre, og foreldre er ei særleg viktig målgruppe.

7. Sikre at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon  
Fylkeskommunen si heimeside er under revisjon, og informasjon må gjerast lettare tilgjengeleg.
8. Utarbeider eller justere rutinar, under dette:
  - a) Revidere rutine for godkjenning av lærebedrifter slik at det tydeleg går fram kven som har ansvaret for å utføre kva oppgåver  
Ansvaret for operative aktivitetar kring kontraktar/lærebedrifter m.m. er lagt til fylkesdirektøren ved regionskontora. Fylkesrådmannen ser difor ikkje behov for ytterlegare presisering kring dette og meiner tilrådinga kan takast ut.
  - b) Utarbeider rutine som sikrar at lærebedrifter blir fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.  
Er regulert gjennom lokale retningslinjer for godkjenning av opplæringskontor, jf. fagopplæringsnemnda si sak 6/10. Fylkesrådmannen ser ikkje behov for ytterlegare presisering kring dette punktet og meiner tilrådinga kan takast ut.
  - c) Utarbeider rutine som skildrar kva krav som må vere innfridd for at ein lærekontrakt skal godkjennast.  
Dette går fram av kontraktformularet og i tillegg er eigen rutine under utarbeiding.
  - d) Utarbeider system og rutinar for oppfølging av frittståande lærebedrifter for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.  
Rutinar skal inn i kvalitetssystemet, men er ikkje ferdigstilt.
9. Vurderer å utarbeide eit elektronisk registreringssystem som kan vere eit hjelpemiddel for dei frittståande bedriftene i oppfølginga av lærlingar.  
Det finst i dag gode elektroniske system som er tilgjengelege for frittståande bedrifter (Safir WEB og OLK WEB). Opplæringslova stiller ikkje krav til bruk av elektronisk system for oppfylging av læringar, og fylkesrådmannen ser ikkje at utvikling av slikt system for den private marknaden er ei fylkeskommunal oppgåve.  
Fylkesrådmanne rår til at tilrådinga vert teken ut.
10. I samråd med bedriftene utviklar eit opplæringstilbod til instruktørar som legg til rette for at faglege leiarar/instruktørar i små bedrifter kan delta.  
Fagskulen i Sogn og Fjordane har fått i oppdrag å utarbeide meir fleksible og tilpassa tilbod om instruktøroplæring. Fylkesrådmannen meiner tilrådinga på dette punktet kan takst bort.

11. Vurdere moglege tiltak for å tilby flere læreplassar i eigen organisasjon.  
Fylkesrådmannen vil vurdere tilrådinga.

Med helsing

Per Jørgen Loen  
Ass. fylkesdirektør

Olav Njøs  
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Mottakar (ar)  
Deloitte

Kopi til:  
Tore Eriksen, FRM  
Per Jørgen Loen, OA  
Bekka Skaasheim, OA

# Vedlegg 2: Revisjonen sine merknader til høyringsuttalen

Revisjonen vil i det følgjande legge fram våre merknader til fylkesrådmannen sin høyringsuttale.

I innleiinga til høyringsuttalen frå fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane går følgjande fram:

«Generelt er det i rapporten er peikt på fleire tiltak som ikkje gjev den ønska effekten. Fylkesrådmannen ser gjerne at det i rapporten kunne vore gjort vurderingar av tiltak som med fordel kan takast bort og eventuelt erstattast med nye tiltak.»

Revisjonen vil i denne samanheng kommentere at ei evaluering av iverksette tiltak ikkje har vore eit hovudføremål med forvaltningsrevisionsprosjektet. Vurdering av effekten av iverksette tiltak er likevel ein naturleg del av arbeidet med å svare på dei problemstillingane som er skildra i kap 1.2 i rapporten, men revisjonen skal samtidig vere varsom med å føreslå detaljerte løysingar (jf RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon).

Under overskrifta *5.1 Fylkeskommunen sitt arbeid for å sikre rekruttering til yrkesfaglege utdaningsprogram* har fylkesrådmannen mellom anna følgjande kommentar:

«(...) Langt dei fleste elevar i Vg2 yrkesfag er utplassert i bedrift i faget «Prosjekt til fordjuping». Det blir jobba målretta ved dei vidaregåande skulane for at alle elevar skal få utplassering i faget. Alle dei vidaregåande skulane har arbeidslivskontakt som m.a arbeider for å få på plass partnerskapsavtalar med lokalt arbeids- og næringsliv. Samarbeid om Prosjekt til fordjuping er eitt av punkta i avtalane, og sjølvsagt også viktig for bedriftene med tanke på rekruttering.

Det er oppretta fagnettverk både på fylkesnivå og lokalt rundt den enkelte skule i alle yrkesfaglege utdaningsprogram. I nettverka er både arbeids- og næringsliv og faglærarar frå Vg1 og Vg2 med. Prosjekt til fordjuping er eit viktig punkt i mandatet.

Ein ser eit potensiale for betra yrkesrettleiring i å bruke lærlingar meir aktivt i rettleiinga»

Delar av fylkesrådmannen sin kommentar er lagt inn i kap 4.2.2. i rapporten.

Det er positivt at fylkeskommunen er opptatt av at alle elevar skal få utplassering gjennom «Prosjekt til fordjuping», og at det er sett i verk fleire tiltak som har fokus på dette. Samtidig viser undersøkinga at det framleis er utfordringar knytt til det å skaffe praksisplass til alle elevar, og revisjonen meiner difor det er grunn til å peike på at dette er eit område fylkeskommunen bør ha særskilt fokus på.

Revisjonen registrerer at fylkesrådmannen er einig i at det er eit potensiale for betre yrkesrettleiring ved å bruke lærlingar meir aktivt i rettleiinga.

Under overskrifta *5.2 Oppfølging av elevar som det er vanskeleg å formidle*, har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Fylkesrådmannen vil presisera at teljedatoen 1. oktober gjev eit misvisande uttrykk for tal sokjarar som ikkje har fått lærepass. Dei fleste lærekontraktar vert godkjende i september og oktober, og alle er såleis ikkje registrerte ved teljedato. Erfaring frå fleire år syner at det rundt 1. oktober står att 20-30 sokjarar som ikkje er formidla. Dei to siste åra har 7-10 av desse vorte tilbydde alternativ Vg3 i skule. Andre har fått tilbod om kjøp av Vg3-plass i andre fylke. Målsetjinga er å gje absolutt alle eit tilbod.»

Revisjonen har lagt inn fylkesrådmannen sin kommentar om at teljedatoen 1. oktober gir eit misvisande bilet av situasjonen, i kapittel 4.3 i rapporten. Revisjonen vil likevel peike på at KOSTRA-tal viser at Sogn og Fjordane fylke har større prosentdel elevar som ikkje er formidla per 1. oktober enn gjennomsnittet i landet og gjennomsnittet i Vest-Noreg, og at det dei siste åra har vore ein reduksjon i prosentdelen sokjarar som ifølgje KOSTRA-tal har fått lærepass per 1. oktober (jf kapittel 4.3 i rapporten). Revisjonen er ikkje kjent med om det også i andre fylke er utfordringar knytt til sein godkjenning av lærekontraktar, og i kva grad tala dermed er samanliknbare.

Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen har eit mål om å gje absolutt alle eit tilbod, og at fylkeskommunen arbeider aktivt med å finne gode alternativ til dei sokjarane som per 1. oktober ikkje er formidla. Fleire av dei tiltaka som fylkeskommunen har for å skaffe lærepass eller alternative tilbod til dei som ikkje har fått lærepass, er skildra i kap 4.3, 4.11.2 og 4.11.3 i rapporten.

Under overskrifta *5.3 Tilbod til lærekandidatar* har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Bedrifter som skriv opplæringskontrakt med ein lærekandidat får vanleg lærblingtilskot. I tillegg blir det i dei aller fleste tilfelle tildelt midlar til spesialpedagogiske tiltak.»

Fylkesrådmannen sin kommentar er tatt inn i kapittel 4.5.2 i rapporten. Revisjonen viser samtidig til kapittel 4.5 i rapporten, der det går fram at det i intervju har blitt gitt uttrykk for at bedriftene treng incentiv for å ta inn lærekandidatar. Dette er bakgrunnen for at revisjonen i kapittel 5.3 peiker på at undersøkinga viser at det er eit ønskje om at bedriftene får større incentiv til å ta inn lærekandidatar.

Under overskrifta *5.4 Samsvar mellom utdanningsprogramma innan yrkesfagleg utdanning. Ønskja til elevane, behova i næringslivet og politikarane sine forventningar*, har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Talgrunnlaget tek utgangspunkt i tilmelde intensjonsavtalar og samanliknar desse med tal sokjarar. Det er ikkje alle bedrifter som melder inn behov for lærepass i rett tid, og nokre sokjarar gjer om på sine val i løpet av formidlinga. For nokre av faga vert då utsлага store, og gjev eit feil bilet av situasjonen.

Fylkesrådmannen sin kommentar er at det i yrkessjåførfraget i 2012 var for få sokjarar i høve tal lærepassar. Også i industrimekanikarfaget fekk alle eit tilbod om lærepass i dette faget eller eit beslektta fag. Når det gjeld bilfaga er fylkesrådmannen samd i vurderinga.

Det er ikkje rett at 107 sokjarar ikkje fekk ønska lærepass. Jf. kommentar i pkt. 5.2 om teljedato 1. oktober. Fylkeskommunen arbeider aktivt for å få lærebedriftene/opplæringskontora til å inngå avtale om kontrakt tidlegare enn no.»

Revisjonen merker seg at tala som revisjonen fekk sendt over fra fylkeskommunen ifølgje fylkesrådmannen gir eit feil bilet av situasjonen. Revisjonen vil samtidig bemerke at det i samband med oversending av tala frå fylkeskommunen ikkje blei opplyst at tala gav eit feil bilet av situasjonen. Tala blei heller ikkje oppdaterte av fylkesrådmannen i samband med at datadelen til rapporten blei sendt til verifisering. Revisjonen har no lagt inn deler av kommentaren frå fylkesrådmannen i kapittel 4.11.1 i rapporten og har gjort rettingar i vurderingsdelen i kapittel 5.4.

Dersom fylkeskommunen per 1. oktober ikkje har oversikt over tilgjengeleg tal på lærepassar innanfor dei ulike fagområda, meiner revisjonen dette er uheldig. Basert på dei opplysningsane som blir gitt i høyringsuttalen, meiner revisjonen at fylkeskommunen aktivt bør oppmøde bedriftene om å melde inn tal på lærepassar tidlegare.

Revisjonen vil vidare presisere at opplysningane i rapporten om at det i 2012 var 107 søkerar som ikkje hadde fått ønska lærepass, var basert på informasjonen revisjonen hadde fått frå fylkeskommunen om tal søkerar innanfor ulike lærefag, og tal tilgjengelege lærepassar innanfor dei same lærefaga. I rapporten er det også vist til at mange av desse søkerane får andre tilbod enn det dei primært har ønska seg gjennom søknaden om lærepass, og at det kvar år berre står att 20-30 søkerar som ikkje er formidla (jf kapittel 4.11.2 Elevar som ikkje får lærekontrakt). Talet 107 seier derfor noko om kor mange som ikkje får oppfylt sitt primære ønske per 1. oktober.

Under overskrifta *5.5 Rutinar for oppretting og godkjenning av lærepass*, har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Ansvoaret for godkjenning av lærebedrifter og opplæringskontor er lagt til fylkeskommunen jf. opplæringslova § 4-3 og forskrifta § 11-1. Lov og forskrift skil ikkje mellom godkjenning av enkeltståande bedrifter og opplæringskontor.

Fagopplæringsnemnda vedtok i sak 6/10 lokale retningslinjer for slik godkjenning av opplæringskontor der ein i punkt 3 slår fast at fylkeskommunen skal godkjenne den enkelte bedrifa. I punkt 6 vert det vidare slege fast at fagopplæringsnemnda skal gje fagleg vurdering før godkjenning av nye opplæringskontor heimehøyrande i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen si vurdering er at arbeidsdelinga mellom nemnda og fylkeskommunen i saker om godkjenning av lærebedrifter er tilstrekkeleg avklara gjennom desse retningslinjene.»

Kommentarane i fylkesrådmannen sin høyringsuttale er tatt inn i rapporten sin datadel i kapittel 4.6. Revisjonen registrerer at det er vedteke lokale retningslinjer for godkjenning av opplæringskontor, der det mellom anna blir slått fast at fylkeskommunen skal godkjenne den enkelte bedrifa som inngår i eit opplæringskontor, og at fagopplæringsnemnda skal gi ei fagleg vurdering før godkjenning av nye opplæringskontor.

Dei lokale retningslinjene gir ikkje føringar for korleis prosessen knytt til fagleg vurdering skal gjennomførast, kva informasjon som må ligge føre, og til kva tid, for at fagopplæringsnemnda skal kunne ivareta sitt ansvar for fagleg vurdering av lærebedrifter i samsvar med § 4-3 i opplæringslova (omtalt i kapittel 3.1.1). Revisjonen meiner derfor at fylkeskommunen bør vurdere å utarbeide ein rutine som skildrar korleis fylkeskommunen skal sikre at lærebedrifter, uavhengig av om dei er knytt til opplæringskontor eller ikkje, er fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.

I fylkeskommunen sin rutine for godkjenning av lærebedrifter blir det ikkje vist til dei lokale retningslinjene eller til at fagopplæringsnemnda skal gi ei fagleg vurdering før godkjenning av ny lærebedrift. Det går heller ikkje tydeleg fram av rutinen kva som er regionskontoret si rolle i samband med godkjenning av lærebedrifter. På bakgrunn av dette vurderer revisjonen i kapittel 5.5 at fylkeskommunen bør revidere rutinen for godkjenning av lærebedrifter slik at ansvarsdelinga går tydeleg fram.

Vidare gir fylkesrådmannen følgjande kommentarar:

«Det blir i vurderinga vist til at opplæringskontor har erfart at godkjent lærebedrift som er blitt innlemma i opplæringskontor ikkje hadde nødvendig dokumentasjon på plass for å fylle krava som lærebedrift. Dette kan vera årsak til at bedrifa/ene nettopp vel å gå inn i eit opplæringskontor.»

Det er positivt om bedrifter som ikke på eigen hand oppfyller krava som blir stilt for å kunne bli godkjent som lærebedrift, velgjer å gå inn i eit opplæringskontor for å kunne samarbeide med opplæringskontor/andre bedrifter om opplæring av lærlingar. Samtidig viser informasjon som revisjonen har motteke, at det har førekome tilfelle der bedrifter som ikke oppfyller krava til dokumentasjon, likevel har blitt godkjente som frittståande lærebedrift, før bedrifta har valt å gå inn i eit opplæringskontor. Dette er bakgrunnen for at revisjonen i kapittel 5.5 i rapporten skriv at det kan vere behov for betre rutinar knytt til kontroll av kvalifikasjonane til fagleg leiar i dei frittståande lærebedriftene.

Fylkesrådmannen skriv vidare følgjande:

«Når det gjeld rutinar for godkjenning av lærekontraktar er det fylkesrådmannen si vurdering at krava til godkjenning går klart fram av kontraktformularet. Når alle opplysningar er på plass i kontrakten er den klar for godkjenning.»

Sjølv om ei rekkje krav går fram av kontraktformularet, meiner revisjonen at det vil vere ein fordel om krav, ansvar og prosess knytt til godkjenning er skildra i ein rutine. Revisjonen registrerer også at det i fylkesrådmannen sin kommentar til tilråding nummer 8c (sjå høyringsuttala i vedlegg 1) går fram at ei slik rutine er under utarbeiding, noko revisjonen meiner er positivt.

Under overskrifta 5.6 *System og rutinar for oppfølging av lærlingar*, har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Når det gjeld oppfølging av frittståande lærebedrifter vil fylkesrådmannen presiere at dei vert følgde opp med utgangspunkt i den årlege rapporteringa. Bedrifter som har avvik i høve lov og forskrift får besøk frå eitt av regionskontora. Regionskontora gir i første runde tilbod om hjelp til å utabreide individuell læreplan, mal for halvtårssamtale eller andre former for rettleiing. Fylkeskommunen er på tilbodssida, og bedrifta får ein tidsfrist for å rette på tilhøva. Bedrifta vert også oppmoda om å sende fagleg leiar og instruktørar på instruktørkurs. Dei frittståande bedriftene rapporterer på nøyaktig dei same område som opplæringskontora gjer gjennom kvalitetsdialogen. Regionskontora har også kontakt med lærlingar og lærebedrifter via telefon og e-post utanom dei årlege besøka.

Fylkesrådmannen stiller seg undrande til kven som har vore informatar i pkt. 5.6, 6. avsnitt.»

Revisjonen merker seg fylkesrådmannen sine opplysningar om korleis frittståande lærebedrifter blir følgt opp og har tatt denne informasjonen inn i kapittel 4.8.1 i rapporten der oppfølging av frittståande bedrifter er skildra. Revisjonen vil likevel peike på at det ikke er lagt fram opplysningar som indikerer at kontakt med lærlingar og bedrifter ut over dei årlege besøka blir gjennomført systematisk. Basert på det samla datagrunnlaget meiner revisjonen derfor at det er grunnlag for å anta at lærlingar knytt til bedrifter i opplæringskontor som har hyppigare kontakt med lærlingane, har større tryggleik i læreforholdet enn lærlingar i frittståande bedrifter.

Under overskrifta 5.7 *Fråfall og bortval ved yrkesfaglege studieprogram (utdanningsprogram)* har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Fylkesrådmannen gjer merksam på at det statlege ekstratilskotet til fagopplæring m.a. vert nytta til søkerar til lærepllass som er vanskelege å formidle med bakgrunn i svakt eller manglande karaktergrunnlag, stort fråvær, nedsett ordenskarakter. T.d. kan bedriftene få prøve ut søkeren i ein periode, med klar målsetjing om å skrive lærekontrakt.»

Revisjonen merker seg fylkesrådmannen sin kommentar, og revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen mellom anna nyttar det statlege tilskotet til tiltak for å formidle lærepllass til søkerar som er vanskelege å formidle. Dette går også fram av vår vurdering i siste avsnitt i kapittel 5.7. Bruken av tilskotet er også omtalt i kapittel 4.3 i rapporten.

Under overskrifta 5.8 *Arbeidssituasjonen for lærlingane etter avslutta læretid* har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«Fylkeskommune har ansvar for at alle med ungdoms- og vaksenrett får fullført vidaregående opplæring, men det er ikkje er fylkeskommunen sitt ansvar å skaffe arbeid til lærlingane etter avgang fagprøve. Det er likevel ei målsetjing at dimensjoneringa av opplæringstilbodet i fylket i størst mogeleg grad bør samsvare med arbeids- og næringsliv sitt behov for faglært arbeidskraft.»

Revisjonen er einig med fylkesrådmannen om kva som er fylkeskommunen sitt ansvar. Dette går mellom anna fram av kapittel 4.10 i rapporten. Revisjonen meiner også det er positivt at fylkeskommunen har ei målsetting om at dimensjoneringa av opplæringstilbodet i størst mogeleg grad bør samsvare med arbeids- og næringslivet sitt behov for faglært arbeidskraft. Fylkeskommunen sitt arbeid med dimensjonering er skildra i kapittel 4.11 og kapittel 5.4 i rapporten.

Under overskrift 6 *Tilrådingar*, kommenterer fylkesrådmannen kvar av revisjonen sine tilrådingar som går fram av rapporten. I avsnitta under kommenterer revisjonen dei tilrådingane som fylkesrådmannen meiner kan utgå.

Til tilråding nummer 2 har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«*2. Legge til rette for meir samarbeid og meir erfarringsutveksling mellom dei vidaregåande skulane til dømes når det gjeld faget Prosjekt til fordjuping.*

Dette vert ivaretakne i rektormøte og skulebesøk og møte mellom rektorane og opplæringskontora. Fylkesrådmannen rår til at denne tilrådinga vert teken ut.»

Revisjonen meiner det er positivt at fylkeskommunen har fleire arenaer der samarbeid og erfarringsutveksling står i fokus. Revisjonen viser likevel til opplysningane som går fram av denne undersøkinga (kapittel 4.2.2), som etter revisjonen si vurdering indikerer at det er behov for ytterlegare fokus på samarbeid og erfarringsutveksling til dømes knytt til faget Prosjekt til fordjuping.

Til tilråding nummer 8 har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«*8). Utarbeider eller justere rutinar, under dette:*

a) *Revidere rutine for godkjenning av lærebedrifter slik at det tydeleg går fram kven som har ansvaret for å utføre kva oppgåver*

Ansvaret for operative aktivitetar kring kontraktar/lærebedrifter m.m. er lagt til fylkesdirektøren ved regionskontora. Fylkesrådmannen ser difor ikkje behov for ytterlegare presisering kring dette og meiner tilrådinga kan takast ut.»

b) *Utarbeider rutine som sikrar at lærebedrifter blir fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.*

Er regulert gjennom lokale retningslinjer for godkjenning av opplæringskontor, jf. fagopplæringsnemnda si sak 6/10. Fylkesrådmannen ser ikkje behov for ytterlegare presisering kring dette punktet og meiner tilrådinga kan takast ut.»

Revisjonen viser her til våre merknader til fylkesrådmannen sine kommentarar knytt til overskrifta 5.5 *Rutinar for opprettning og godkjenning av læreplass* ovanfor.

Til tilråding nummer 9 har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«*9. Vurderer å utarbeide eit elektronisk registreringssystem som kan vere eit hjelpemiddel for dei frittståande bedriftene i oppfølginga av lærlingar.*

Det finst i dag gode elektroniske system som er tilgjengelege for frittståande bedrifter (Safir WEB og OLK WEB). Opplæringslova stiller ikkje krav til bruk av elektronisk system for

oppfølging av læringar, og fylkesrådmannen ser ikkje at utvikling av slikt system for den private marknaden er ei fylkeskommunal oppgåve. Fylkesrådmanne rår til at tilrådinga vert teken ut.»

Revisjonen er samd i at utvikling av elektroniske system til bruk i bedrifter ikkje er ei fylkeskommunal oppgåve og at det ikkje er eit krav om at slike system skal nyttast av bedriftene. Når revisjonen likevel tilrår fylkeskommunen å vurdere dette, er dette for at tiltaket kan utgjere eit enkelt tilbod som kan bidra til å sikre god oppfølging av lærlingane. Eit slikt system kan ha ei enkel utforming, til dømes i form av ei elektronisk sjekkliste/ avkryssingsskjema.

Til tilråding nummer 10 har fylkesrådmannen følgjande kommentar:

«*10. I samråd med bedriftene utviklar eit opplæringstilbod til instruktørar som legg til rette for at faglege leiarar/instruktørar i små bedrifter kan delta.*

Fagskulen i Sogn og Fjordane har fått i oppdrag å utarbeide meir fleksible og tilpassa tilbod om instruktøroplæring. Fylkesrådmannen meiner tilrådinga på dette punktet kan takst bort.»

Revisjonen meiner det er positivt at Fagskulen i Sogn og Fjordane no har fått i oppdrag å utarbeide meir fleksible og tilpassa tilbod om instruktøroplæring, men at tilrådinga er aktuell så lenge oppdraget ikkje er avslutta og resultatet vurdert.

# Vedlegg 3: Oversikt over sentrale dokument og litteratur

## Lov/ forskrift/ rettleiarar

- Kunnskapsdepartementet: LOV-1998-07-17-61: Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).
- Kunnskapsdepartementet: FOR 2006-06-23 nr 724: Forskrift til opplæringslova
- Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet: Rundskriv F-21/95 *Krav til faglig leder i bedrift*, 13.02.1995.
- Utdanningsdirektoratet (2011): *Kartlegging og vurdering av yrkesopplæringsnemndenes rolle i fylkeskommunens arbeid med dimensjonerin av utdanningstilbudet*. Rapport
- Utdanningsdirektoratet: *Spesialundervisning. Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning*. Rettleiar

## Fylkeskommunale dokument

- *God – betre – best! Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2013 med handlingsprogram.*
- *Handlingsprogram for fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane 2012-2015*
- *Årsmelding 2011. Tilstandsrapport 2011 for vidaregåande opplæring*
- *Årsmelding 2010. Tilstandsrapport 2010 for vidaregåande opplæring*
- *Søknad om godkjenning av lærebodrift, søknadsskjema*
- *Utgangspunkt for kvalitetsdialog med opplæringskontora, dialogskjema, ikkje datert*
- Informasjonsbrev, spørjeskjema og rapport frå bedrifter utanom opplæringskontor, ikkje datert
- Brev til dei vidaregåande skulane v/rektor og opplæringskontora datert 22.06.2012: *Omorganisering av dei faglege nettverka*
- *Oppfølgingstenesta*, brosjyre
- *Informasjon til deg som er lærling*, brosjyre
- *Lærling? Slik får du lærekontrakt*, brosjyre
- *Lærekandidat – noko for deg?* brosjyre
- *Årshjulet – utdanningsval Sogn og Fjordane. Årshjul karriererettleiing Sogn og Fjordane 2012-2013*, publisert 27. april 2012.
- Rutinar knytt til fagopplæring:
  - Fagopplæring - Rapportering frå opplæringskontor og bedrifter*
  - Fagopplæring - Oppmelding til fag- sveineprøve og kompetanseprøve*
  - Fagopplæring - Oppdatering av info til prøvenemndene*
  - Fagopplæring - Prøveprotokoll*
  - Fagopplæring - Klagehandsaming kandidat frå anna fylke*
  - Fagopplæring - Tilskot til lærebodrifter, årshjul*

*Fagopplæring - Formidling til bedrift årshjul*  
*Fagopplæring - Lærekandidatordninga*  
*Fagopplæring - Godkjenning av lære- og opplæringsbedrifter*  
*Fagopplæring - Dokumentasjon*  
*Fagopplæring - Fritak frå fellesfag*  
*Fagopplæring - Kurs for instruktørar og faglege leiatar*  
*Fagopplæring - Vurdering av praksis*  
*Fagopplæring - Avbrot i læreforhold og heving av lære- og opplæringskontrakt*

## **Anna**

- Riksrevisjonen (2013): *Riksrevisjonens undersøkelse av fagopplæring i bedrift*, Dokument3:6 (2012-2013)
- <http://www.vilbli.no/>
- KOSTRA: <http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>
- Sogn og Fjordan fylkeskommune sine nettsider om opplæring:  
[http://www.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/pages/opplaring?open&qm=wcm\\_1,13,0,0](http://www.sfj.no/cmssff/cmspublish.nsf/pages/opplaring?open&qm=wcm_1,13,0,0)

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 200,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2013 Deloitte AS